

Detaljregulering for 137/34 m.fl. Børnes næringsområde Kvinnherad Kommune

PlanID 20190006

Plandokument: 3. april 2020, revidert 13.01.2021

Planomtale med ROS-analyse



Innhald

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | INNLEIING | 2 |
| 1.1 | FØREMÅL MED PLANARBEIDET | 2 |
| 1.2 | LOKALISERING OG AVGRENSING AV PLANOMRÅDET | 3 |
| 1.3 | SKILDING AV GJELDANDE PLANSTATUS | 5 |
| 1.4 | OVERORDNA RETNINGSLINJER | 7 |
| 2 | PLANPROSESSEN | 8 |
| 2.1 | VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR | 8 |
| 2.2 | MEDVERKNAD | 8 |
| 3 | SKILDING AV PLANFRAMLEGGET | 9 |
| 3.1 | AREALFØREMÅL | 9 |
| 3.2 | BYGNINGAR OG ANLEGG | 10 |
| 3.3 | SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR | 16 |
| 3.4 | KAI (SK) OG HAMNEOMRÅDE I SJØ (VHS) | 18 |
| 3.5 | GRØNTSTRUKTUR (G) | 20 |
| 3.6 | BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (V) | 20 |
| 3.7 | OMSYNSSONER | 21 |
| 3.8 | FØRESEGNOMRÅDE | 22 |
| 3.9 | INFRASTRUKTUR | 22 |
| 4 | VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET | 28 |
| 4.1 | KOMMUNALE OG REGIONALE FØRINGAR | 28 |
| 4.2 | LANDSKAP OG ESTETIKK | 28 |
| 4.3 | FOLKEHELSE OG FRILUFTSLIV, BARN- OG UNGES INTERESSE | 33 |
| 4.4 | NATURMANGFALD | 35 |
| 4.5 | NATURRESSURSAR | 37 |
| 4.6 | KULTURMINNE OG KULTURMILJØ | 38 |
| 4.7 | FISKERIINTERESSER, MARINE INTERESSER OG FERDSEL PÅ SJØ | 39 |
| 4.8 | STRANDSONE OG VASSDRAG | 41 |
| 4.9 | TEKNISK INFRASTRUKTUR | 43 |
| 4.10 | HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK | 45 |
| 5 | SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP | 48 |
| 5.1 | METODE | 48 |
| 5.2 | ROS-ANALYSE | 50 |

1 Innleiing

1.1 Føremål med planarbeidet

Hovudmålet med planen er å legge til rette for eksisterande og framtidig næringsetablering på Børnes, samt vera i forkant med planlegginga slik at kommunen kan tilby eit godt og byggeklart næringsområde for ny aktivitet i kommunen. Bakgrunnen for planarbeidet er at gjeldande reguleringsplan i området er gamal, og ikkje held dagens krav. Den nye reguleringsplanen vil føre til at eksisterande reguleringsplan i frå 1978 vert oppheva. Sjøtilknytt næringsareal som er ledige for nye verksemder er avgrensa i kommunen, og Børnes er ein av dei få som har potensiale for utvikling. Vidareutvikling av Børneset gir areal for marine/maritime næringsverksemder. Tilkomst til sjø vil vere viktige element for slike verksemder, og kaiareal vore viktig å sikre i planen.

Gjeldande reguleringsplan er ikkje følgt, og det er m.a. gitt dispensasjon for lokalisering av veg, tomtefrådeling og byggegrense. I dag er det meir fokus på planretta forvaltning, og det er eit klart behov for å oppdatere planen for området for å få til ei god utvikling og utnytting av området. Området omfattar både kommunal og privat eigde tomter, der store deler av arealet er opparbeida og fleire verksemder er etablerte. I tillegg ønskjer eigarar på ein del av dei ubygde tomtene no å gjennomføra tiltak.

Med årsak i at det er ope kven og kva for aktør som vil etablere seg på næringsområdet, er planen utarbeida med fleksible løysingar, men der krav til byggesøknad og rekkefølgekrav medfører heilskaplege og gode løysingar.

I planen har følgjande tema vore viktig å avklare:

- Utvikling av næringsareal med god tilgang til sjø og kaiareal.
- Sette klare grenser for areal og utnytting av føremåla næring, kai, samferdsel, samt grøntareal.
- Definere type næring som kan etablerast på området.
- Avgrensing av friluftsområdet Klubben i nordvest.
- Avklaringar kring to bustadtomter internt i planområdet.
- Regulere eksisterande frådelt nausttomter og fritidseigedom i samsvar med eksisterande kommuneplan.
- Regulere areal i sjø for brygger/kai. Definere areal for parkering for nausttomter.
- Regulere tilkomst til næringsområdet, trafikksikringstiltak langs fylkesvegen gjennom utbetringstiltak for køyrevegen, kollektiv, mjuke trafikantar.

| | |
|------------------------------------|--|
| | |
| Tiltakshavarar | Kvinnherad kommune |
| Plankonsulent | ABO Plan & Arkitektur Stord AS |
| | |
| Hovudføremål med ny plan | Oppdatere eksisterande plan for næringsområdet |
| Aktuelle problemstillingar | Utvikle eksisterande næringsområde. Utviding av kai, tilhøve til sjø og kringliggjande bygningar/busetnad, krav i høve støy og forureining |
| Krav om konsekvensutgreiing | Nei |
| | |
| Oppstartsmøte | 13.06.2019 |
| Varsel om oppstart | 26.06.2019 – 13.09.2019. Folkemøte 28.08.2019 |
| Endra plangrense | 23.01.2020 – 14.02.2020 |
| Høring planforslag 1. gang | 16.06.2020 – 07.09.2020 |

1.1.1 Utvikling av næringsområdet

Næringsområdet har utvikla seg sidan 1970-talet og fram til i dag, i frå eit skogkledd nes til eit velutvikla næringsområde med større planerte flater, sjå bildekollasj under. Situasjonen i 2020 er at endra fleire område er teke i bruk til næringsføremål.

1963



2003



2007-08



2013



2018




2019 mai, dronefoto




1.2 Lokalisering og avgrensning av planområdet

Planområdet er lokalisert mellom tettstadane Herøysund og Uskedalen i Kvinnherad kommune. Planen er skjerna av øya Skorpo mot den opne Hardangerfjorden.



Figur 1 Lokalisering av planområdet.

Planområdet er sett for å sikre at kommunen har gode og føreseielege plandokument som dekker naturlege tilhørande område, og som vil sikre god samanheng i området med teknisk infrastruktur og tilkomst. Planarbeidet omfattar kommunale og privateigde område. Planområdet er om lag 229 dekar, og følgjande eigedomar ligg innanfor planområdet: 134/1, 2, 4, 5, 8, 11, 13, 14, 15, 16, 19, 20, 21, 22, 23, 26, 27, 28, 30, 34, 40, 41, 44, 46, 48, 49, 53, 63, 64, 66, 67, 69, 73, 74, 77, 79, 80, 81, 85, 86, 87, 88, 91, 92, 93, 94, 97, 98, 99, 100, 101, 102, 103 og 104.




Figur 2 Lokalisering og avgrensing av planområdet som varsla ved oppstart av planarbeidet.

Utviding av plangrensa

Den 23.01.2020 vart det varsla utviding av plangrensa. Nytt varsel vart sendt på avgrensa høyring til råka grunneigarar, Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune som fylkesvegmynde. Utvidinga av plangrensa vart gjort med bakgrunn i behov for trafikksikring langs fylkesvegen, og gjeld følgjande:

- Areal sør for fylkesvegen, for å regulera areal for busslomme og tilrettelegging for mjuke trafikantar langs fylkesvegen.
- Regulera areal som opnar for punktutbetring av sving vest i området.
- For å gjennomføra utbetringar langs fylkesvegen er det behov for areal til mellombels anleggs- og rigg-område.




Figur 3 Avgrensing av planområdet som varsla endra plangrense.

1.3 Skildring av gjeldande planstatus

1.3.1 Gjeldande kommuneplan

Store deler av planområdet er omfatta av bestemmelsesområde, #B. Føresegna til desse områda seier at innanfor områda merka med #B, skal kommuneplanen gjelda framføre reguleringsplan ved motstrid. Kommuneplan for Kvinnherad 2016 – 2026 syner at arealet innanfor området for det meste er avsett til næringsføremål. Delar av området mot sjø i vest er avsett til park og fritids- og naustføremål. Det ligg to eigedomar innanfor planområdet som i kommuneplanen er avsett til bustadføremål.



Figur 4 Gjeldande kommuneplan

1.3.2 Gjeldande reguleringsplanar

Området er tidlegare regulert i plan 19780007, Børnes, Uskedalen. Her er området synt med føremål industri, trafikkareal og parkbelte mot sjø.



Figur 5 Gjeldande reguleringsplan

1.3.3 Tilgrensande reguleringsplanar

Det er ingen tilgrensande reguleringsplanar i området. Andre relevante planer kommunen er/skal i gang med er trafiksikkerheitsplan for kommunen der fylkesvegen vil bli omfatta, samt områdeplan for Uskedalen. Begge desse planane vil legge føringar for mogleg gang-/sykkelveg langs fylkesvegnettet, og andre trafikktryggleiks-tiltak i området.

1.4 Overordna retningslinjer

1.4.1 Nasjonale føringar

Kommunen si planlegging må henga saman med dei lovene, forskriftene, føresegnene og retningslinjene som gjeld for kommunal planlegging og verksemd. Ein føresett at desse er ivaretekne under planprosessen, og av dei mest sentrale kan desse nemnast:

- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015 – 2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken
- Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 12.6.15
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, kgl.res. 26.9.14
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, kgl. res. 25.3.11
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kr. pr.res. 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.
- Rundskriv, T-2/08- Miljøverndepartementet, Om barn og planlegging.
- Handlingsplan Norge universelt utformet 2025

1.4.2 Regionale føringar

- Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur
- Regional transportplan 2013-2024
- Regional næringsplan
- Regional klima- og energiplan. Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Rammeplan 2013 - 2016 avkøyrsløp og byggegrense
- Regional transportplan - revidert handlingsprogram for 2015 - 2017
- Handlingsplan for trafikkisikring for Hordaland 2014-2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020

1.4.3 Kommunale føringar

- Kommuneplan for Kvinnherad 2016 – 2026
- Kommuneplanens samfunnsdel 1999 - 2010
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024
- Kommunedelplan for trafikkisikring 2012 – 2020
- Kommunedelplan for skulebruk 2016 – 2028
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 – 2022
- Klima og energiplan 2020
- Folkehelseoversikten 2015 – 2019
- Akseptkriterium og metode for ROS
- Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune 2015

2 Planprosessen

I juni 2018 vedtok Kommunestyret å setja av midlar til planarbeidet og tilrettelegging av kommunale/offentleg areal på Børnes. Prosjektet er organisert slik:

Styringsgruppe: Formannskapet

Prosjektgruppe: Prosjektleder Kjartan Thoresen. Samfunnsutvikling, Anne Lise Næs. Teknikk og miljø, Per Inge Naterstad og Jarle Fosshem/Svein Are Furdal. Konsulent, ABO Plan & Arkitektur Stord v/ Turid Verdal.

Referansegruppe: Uskedalen utvikling, Hordaland fylkeskommune og Kvinnherad næringssservice, samt representantar frå næringsverksemdene på Børnes.

Det er gjennomført folkemøte i samband med varsel om oppstart. På møtet var det om lag 30 privat personar som møtte opp til informasjon om prosessen, roller og forhold som skal avklarast som del av planarbeidet. Det var eit aktivt møte der det vart stilt spørsmål og det kom innspel til det vidare arbeidet. Forhold som vart peika på var m.a. behov for meir kaiareal, innløyising av areal, trafikktryggleik (busslomme, fortau/gs-veg, sikt, fart etc.), type næringsverksemd på området, omsyn til nærområdet, friluftsområdet Klubben, naustområdet og ønskje om parkering og vatn/avløp/straum.

Næringsaktørane som er etablert i området er i første omgang involvert som del av kunningjering av oppstart og folkemøtet, der det vart presisert at ein ynskjer at næringsaktørane/grunneigarar deltek aktivt i arbeidet og kjem med innspel. Det har i tillegg vore sær møte med næringsaktørar og naboar/grunneigarar undervegs i arbeidet (20.09.2019 og 14.10.2019), og undervegs møte med representantane frå næringsverksemdene i referansegruppa (27.02.2020).

2.1 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova, og etter kommunen si vurdering er det ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Dette med bakgrunn i at planen er i samsvar med gjeldande kommuneplan for Kvinnherad kommune og deler av området er allereie detaljregulert. Store deler av planområdet ligg allereie som utbyggingsområde.

2.2 Medverknad

Oppstartsmelding vart varsla den 26.06.2019, med høyringsfrist 13.09.2019. Det er i tillegg motteke innspel etter høyringsfristen som er teke med i saka. Til varsel om oppstart vart det motteke 20 merknadar; ni i frå offentlege instansar/organisasjonar og 14 private merknadar. Det er i tillegg motteke eit samla innspel frå næringsaktørane innanfor området, datert 23.09.2019. Varsel om utviding av plangrensa mot vest og sør vart gjort 23.01.2020, med høyringsfrist 14.02.2020. Det vart motteke tre høyringsuttalar i samband med varsel om endra plangrense.

Offentleg ettersyn av planforslaget vart varsla i brev datert 16.06.2019 og kunningjort på kommunen si nettside, med høyringsfrist 07.09.2020. Til offentleg ettersyn vart det motteke 27 merknadar; 7 i frå offentlege instansar/organisasjonar og 20 private merknadar. Statsforvaltaren i Vestland/Fylkesmannen har komme med fleire brev/merknadar på grunn av dialogmøter, slik at det totalt er 29 innspel som er omtala i merknadsskjema. Ein offentleg merknad er trekt, men går likevel fram av merknadsskjemaet. Kommunen har i tillegg hatt fleire møte med fleire grunneigarar, samt det er motteke fleire merknadar etter høyringsfristen. Desse vert omtala i saksframlegget i saka.

3 Skildring av planframlegget

Detaljreguleringa regulerer i hovudsak areal for næringsverksemder med tilhøyrande infrastruktur. I tillegg er noverande situasjon for naust- og fritidsbustad i Mørkevågen regulert med ny trygg tilkomst til området. Vidare er fylkesvegen regulert med utbetringar i linjeføring, busstopp og gs-veg. Kvinnherad kommune er grunneigar på deler av næringsområdet og har i samband med dette opparbeida ein del av infrastrukturen i området. Det vert lagt til grunn at kommunen tek ansvar for ein del av den vidare tilrettelegginga av området, ved 1) utarbeiding av reguleringsplanen og 2) der det er gjort avtale ved sal av tomter, opparbeiding av infrastruktur. Planframlegget tek utgangspunkt i dagens utbygde og plan situasjon, og har med dette utforma ein heilskapleg løysing for området.


3.1 Arealføremål

Planområdet er om lag 234 daa og fordeler seg slik på dei ulike planføremåla:

Tabell 1 Arealoversikt

| Føremål | SOSI-kode | Storleik, dekar |
|----------------------------------|-----------|-----------------|
| Bustader | 1100 | 3,2 |
| Fritidsbusetnad – frittliggjande | 1121 | 1,0 |
| Næringsbygningar | 1300 | 75,4 |
| Vass- og avløpsanlegg | 1540 | 0,7 |
| Småbåtanlegg i sjø og vassdrag | 1587 | 1,7 |
| Uthus/naust/badehus | 1589 | 1,1 |
| Veg | 2010 | 4,3 |
| Køyreveg | 2011 | 9,9 |
| Fortau | 2012 | 2,6 |
| Gang- og sykkelveg | 2015 | 1,0 |
| Anna veggrunn – grøntareal | 2019 | 10,1 |
| Kai | 2041 | 9,0 |
| Parkeringsplassar | 2080 | 0,2 |
| Blågrønstruktur | 3002 | 28,4 |
| LNF-område | 5100 | 0,4 |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag | 6001 | 70,7 |
| Hamneområde i sjø | 6220 | 14,3 |

| Omsynssoner/føresegnområde |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Friskt, H140• Støysone, H210 og H220• Ras- og skredfare, H310• Føresegnsområde # 1-2 og 91 |



Figur 6 Utsnitt plankart

3.2 Bygninger og anlegg

3.2.1 Bustad, B

Dette føremålet regulerer eksisterande busetnad sør for fylkesvegen, og er teke med i planen grunna behov for rigg- og anleggsområde i samband med oppgradering av fylkesvegen. I anleggsfasen kan det gjennomførast tiltak innanfor føresegnområdet #91_1-4 og dermed eigedomane. Etter enda anleggsperiode skal areal som ikkje vert nytta til samferdselsføremåla tilbakeførast og vert igjen disponible for eigedomane. Føresegnene gir at tiltak innanfor bustadføremåla kan gjennomførast i samsvar med føringar sett i til ei kvar tids gjeldande kommuneplan. Det er ikkje sett byggegrense mot fylkesvegen for bustadtømtene, og såleis er det veglova sine byggegrenser som er gjeldande.

3.2.2 Fritidsbusetnad – frittliggjande, BFF

Det er ein eksisterande eldre fritidsbustad i vestleg del av planområdet. Denne kan oppgraderast i samsvar med føringar sett i til ei kvar tids gjeldande kommuneplan. Deler av eigedomen er omfatta av faresone for ras og skred, og før tiltak kan gjennomførast innanfor sona skal tilhøve til skred og krav i TEK17 dokumenterast.

3.2.3 Næring, BN1-12

Det er avsett 12 areal til næringsbygningar. Områda kan nyttast til industri-, handverks-, service- og lagerverksemnd. Det er ikkje opna for reine kontorverksemder i området av omsyn til potensiale for konflikhtar mellom dei ulike arealbruka i området, samt ut i frå omsyn til klima og transportbehov. Men er tillate med kontor som er knytt til etablerte verksemder innanfor planområdet. Vidare gir føresegnene at det ikkje kan vera hotell i området, men mellombels overnatting for tilreisande arbeidarar og kvilerom for sovande vakt. Det er sett vilkår om at bygg med slike rom skal ha ein konstruksjon som gjer at ein stettar krav sett i byggtknisk forskrift, og innvendig støynivå vert i tråd med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442.

Føresegnene opnar for handel innanfor alle næringsareala med unntak av BN 5, 7, 9 og 12. Det er ikkje opna for dette innanfor desse næringsområda, fordi dei er ueigna eller at desse skal primært vera for sjøretta næringsverksemder for å lette presset på andre strandsoneareal. Det er berre tillate med handel av plasskrevjande varar med grense på 3000 m² bruksareal totalt innanfor planområdet. Det er ikkje opna for detaljvarehandel. Aktuelle handelstypar er knytt til landbruksmaskinar, trelast- og byggevarer, bilar og båtar, samt lettare industriproduksjon, lager og utsal frå hagesenter

Det er sett ulike planeringshøgder for delområda som er tilpassa omgjevnadane og landskapet. Vidare er det sett krav slik at skjemma anlegg og lagring vert skjermast mot omgjevnadane. Det er sett krav om at det må etablerast renovasjonsløyisingar som er tilpassa verksemda, og at løyisinga skal synast i situasjonsplan ved byggeløyve.

Utnyttingsgrad for delområda er differensiert mellom 50-70% og tilpassa verknad for omgjevnadane. Det er lagt vekt på å kunne utnytte areala som ligg på kainivå relativt høgt, då det er viktig å ta i bruk desse områda slik at det er mindre press på å ta i bruk nye strandsoneareal. Vidare at areala nærmast fylkesvegen, som ligg høgt i terrenget og som er særleg eksponert, har noko lågare utnyttingsgrad. Det er sett krav om etablering av minimum 1 bilparkering og 0,2 sykkelparkering per BRA 100m².

BN1 og 2 ligg oppe ved fylkesvegen. Store deler av areala er opparbeida og består av grusa planerte flater. Det er sett planeringskote +17,5 og +16,5, og ein utnyttingsgrad på 50% for kvart delfelt. Dette utgjer om lag 3,15 da utnytting innanfor BN1 og 3695 m² innanfor BN2. Innanfor desse to areala er det opna for byggehøgde på maks 9 meter. Føresegnene viser til at det bør planleggast for heilskaplege trafikk-løyisingar innanfor kvart av delområda, med bakgrunn i eksisterande eigedomsgrensar og utfordrande tilkomst for nokre av tomtane. Trafikk-løyisingane kan omfatte heile delområdet eller samla for nokre av eigedomane, og dette må illustrerast eller omtalast i byggesøknad om byggetiltak.



Figur 7. Bilde av eksisterande situasjon for BN1-2.

Næringsområde BN3-4 ligg på eit lågare nivå enn BN1-2, og er område der store deler allereie er opparbeida. BN3-4 ligg på planeringskote +10-11. BN3-4 er regulert med ei maks byggehøgde på 12 meter, og utnyttingsgrad 60%. Dette utgjør om lag 3945 m² utnytting innanfor BN3 og 6255 m² innanfor BN4. Det er drive knusing av stein innanfor BN4, men kommunen kjenner ikkje til at det gitt løyve verksemda. Det er ut frå omkringliggjande interesser og mogleg konflikter ikkje ønskeleg å tillate løyve for knusing av massar innanfor planområdet. Forhold til støy, støv, matproduksjon og folkehelse er lagt vekt på i denne vurderinga. Med dette vil ein prioritere arealet til verksemdar som er knytt til hovudføremålet med BN-områda; Næringsbygningar, som omfattar industri-, handverks-, service- og lagerverksemd. Føremålgrensar avgrensar uttaksområdet for massar innanfor BN4, og dette gir at det ikkje er tillate å ta ut massar ut over dagens situasjon med unntak av ein liten fjellnabb i grensa mot BN3/SKV2.



Figur 8. Bilde av eksisterande drift og arealbruk innanfor BN3-4. Bilde teke frå toppskjering i retning aust og søraust.

BN5 er i dag nytta som lagerareal, og tilkomst til eksisterande kommunal slamavskiljar går gjennom området. I planen er tilkomstveg regulert og lagerarealet er difor delt inn i to mindre delområde; 5a og 5b. Det er opna for tiltak med maks byggehøgde på 12 meter og utnyttingsgrad 50%.

På BN6 er det etablert ei verksemd som i dag driv med matproduksjon. Brødrene Hjørnevåg AS driv med foredling av fisk og fiskematproduksjon og sel sjømat til daglegvarebutikkar, grossistar og storhushald i heile Noreg. Dei er avhengige av at området rundt er fritt for forureining som kan verka negativt inn på deira produksjon. Dei har daglege leveringar og leveranse av fisk og ferdige produkt, og estimert trafikkmengd er om lag 5-10 lastebilar og 10-15 personarbilar per dag. Føringane på området gir moglegheit for noko utvikling, men meir avgrensa enn andre område då arealet er høgt utnytta allereie i dag. Planeringskote er sett til +7, byggehøgde maks 7 meter og utnyttingsgrad 60%. Dette utgjør om lag 2670 m² utnytting innanfor BN6.



Figur 9. Bilde av bygningamassa til, frå land- og sjøsida, Brødrene Hjørnevåg AS.

BN7-9 er areal som i dag ikkje er utbygd, men der store deler er regulert til næring i eksisterande reguleringsplan og kommuneplan. Arealet har vore eit skogkledd område, der vegetasjonen har blitt fjerna i løpet av siste

året, og området er klargjort for grunnarbeid. Areal BN7 er planlagt planert på kote +6, her er det sett av grønt areal mot sjø, og mot tilgrensande næringsområde BN6. Det er sett ei maks byggehøgde på 9 meter på området og utnyttingsgrad 50% (1418 m²). BN8, som ligg tett opp til hovudvegen i næringsområdet, skal ha ei planeringshøgde på +8, der maks byggehøgde er sett til 12 meter og utnyttingsgrad 60% (5538 m²). BN9 skal planerast på kote +3 (kainivå), der maks byggehøgde er sett til 12 meter og utnyttingsgrad 70% (4738 m²). I tillegg til dette er det opna for at inntil 15% av BN9 kan ha byggehøgde opptil 18 meter og 15% opptil 23 meter. Område med 23 meter byggehøgde er avgrensa til areal nærast verftsområdet – synt med bestemmelsesområde #2. Bakgrunn for dette er å gi moglegheiter for etablering av ulike aktivitetar, slik som ein del maritime verksemdar, som krev stor arbeidshøgde og arealbruk. Ut frå omsyn til landskap og etablerte verksemdar er det uheldig om alle tre delområde vert flateplanert samstundes eller utan at det er avtale/intensjonsavtale med konkret verksemd for etablering på områda. Det er likevel ikkje sett krav om kva område som skal opparbeidast først og sist for fleksibilitet. Kva delområde som vert opparbeida først vil mellom anna avhengige av behov for sjøtilkomst eller ikkje. Ein ser det som naturleg at BN8 eller BN9 er dei areala som vert første opparbeida og teke i bruk, og av BN7 er det siste som vert teke i bruk.

BN12 er eksisterande næringsområde, tidlegare Eidsvik skipsverft. I dag er deler av området leigd ut til andre firma som er knytt til m.a. akvakultur. Kaiområdet vert nytta til opplag av båtar og leveransar knytt til verksemdene i området. Det er estimert trafikkmengd på om lag 15-20 personarbilar per dag til området. Føringsane for planering av området er sett ut frå eksisterande situasjon, med planeringsnivå på kote min. +2 og maks kote +9. Det kan førast opp bygg med maks byggehøgde 12 meter og inntil 10% av BN12 kan ha opptil 23 meter byggehøgde. Planframlegget opnar for utvikling av området gjennom utnyttingsgrad på 70% (11.115 m²). Næringsområdet BN9 og 12 vil truleg kunne sjåast i samanheng ved at føremåla ligg inntil kvarandre og interne køyreveggar mellom areala er tillate.



Figur 10. Dronefoto frå mai 2019. Foto: Frode Eidsvik

BN10 ligg på austsida hovudvegen inn i næringsområdet, og er i dag eit ope grusa areal. Arealet vert dels nytta som lagerareal. Arealet har i dag ei planeringshøgde på kote mellom +10-11 som er vidareført i reguleringsplanen. For nye bygningar på området er det sett maks byggehøgde på 9 meter, og utnyttingsgrad 50% (1053 m²).



Venstre: Bilde av BN10. Høgre: Bilde av BN12 sett frå stranda søraust for anlegget.

BN11 regulerer to eksisterande bustadeigedomar, som i planforslaget er regulert til næring. Bustadeigedomane er i gjeldande reguleringsplan regulert til industri. Dei vart ikkje innløyste, og er framleis nytta til bustadføremål. Ved utarbeiding av kommuneplan for Kvinnherad 2016 – 2026 vart desse to eigedomane synt som bustad. Det er no føreteke ei ny vurdering av desse to bustadeigedomane, og det er ut i frå plassering og nærleik til næringsverksemdene i området vurdert at det ikkje er tilrådeleg med bustadføremål i dette området. Ein vurderer at det kan med tida skapa for store konflikhtar, og helsemessige dårlege løysingar for bebuarar. Planforslaget gir kommunen rett til ekspropriasjon av eigedomane, men kommunen ønskjer som utgangspunkt dialog før dette verkemiddelet vert teke i bruk. Eigedomane kan nyttast til bustadføremål fram til kjøp/ overtaking, og eksisterande avkøyringar til bustadtomtene kan nyttast fram til at areala vert nytta til næringsføremål. Føresegnene stenger for all utvikling av eigedomane til bustadføremål, noko som er negativt for eigarane av desse eigedomane. Ved bruk til næringsføremål skal dette arealet planerast på kote +10-11, med maks byggehøgde 9 meter og utnyttingsgrad 50% (1240 m²).



Figur 11 Dei to bustadhusa innanfor næringsområdet. Foto: Frode Eidsvik

3.2.4 Vass- og avløpsanlegg (BVA)


o_BVA regulerer eksisterande vass- og avløpsanlegg. På området står det i dag ein slamavskiljar, og det er såleis behov for tilkomst for lastebil inn til arealet. Det er i dag tilkomst til området gjennom BN5, og ein har valt å regulere tilkomsten for å sikre at tilkomsten vert oppretthalde. Maksimal mønehøgde er sett til ni meter, og maksimal utnytting er 25%.

3.2.5 Område for naust (BUN) og småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (BSB)

I området ved Mørkevågen er det i dag fire eksisterende naust, og sju nausttomtar. Planen gir opning for å byggja nye naust på eksisterende nausteigedomar. Naustområdet er regulert i samsvar med kommuneplanens arealdel. Nye naust skal ikkje redusera ålmenta si tilgang til strandsona, og det er difor ikkje tillate med nye gjerder/levegg eller andre stengsler i naustområdet. Naustbygg skal vera maks 40 m², maks 1 etasje med maks mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Større takutstikk, takvindaug, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Naust er uthus som skal nyttast til oppbevaring av reiskap, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting. Byggegrensa er differensiert og tilpassa slik at eksisterende bygningar kan bestå og ev. byggast nytt på same fotavtrykk, samt at nye naust kan plasserast innanfor eigedomsgrensene. Byggegrensa og føremål gir grønne opningar ned til sjø for å sikra tilgjenge til sjø for ålmenta. Det er og i føresegnene gjeve at det skal vera ope for allmenn ferdsel i ei breidde på min. 2 meter framfor nausta, på kai eller anna.

Området i sjø kan nyttast til kai, brygger, båtopptrekk og båtfeste for småbåtar, slik som det vert nytta i dag. Området skal vera opent for ålmenta. Eksisterende brygger med byggjeløyve kan vidareførast som dei er i dag. Nye brygger skal utførast i tre, betong eller i metall. Dei skal vera maks 7,5 meter lange, inkludert landgang, og vera maks 15 m². Kommunen kan godkjenne utlegging av større flytebrygger dersom desse skal vera felles for fleire brukarar.


I dag er det ein grusa traktorveg frå fylkesvegen og ned til naustområdet, samt ei mindre tilrettelagt lomme for parkering langs fylkesvegen. Dette er lite trafiksikkert, og planen har difor regulert eige areal for parkering til nausta og fritidsbustaden ved næringsområda BN2, og vidare at det skal etablerast sti ned frå parkeringa og til områda. Eksisterende stiar i bakkant av nausta og til fritidsbustad, samt Klubben, kan oppretthaldast og utviklast noko.



Figur 12. Bilde av sjø- og naustområde.

3.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Planområdet har tilkomst frå fv. 500, Uskedalsvegen. Det er i dag etablert eit kryss med fylkesvegen, og det er etablert kommunal veg ned til kaien i nord. Det er regulert for at dagens kryssløysing vert utbetra med omsyn til utforming av det med trafikkø. Bakgrunn for dette er forventa trafikk til næringsområdet ved full utbygging og fartsgrense 50 – 60 km/t. Vidare er det regulert gang- og sykkelveg langs deler av fylkesvegen, der det skal etablerast rekkverk mot fylkesvegen. Planen tek utgangspunkt i eksisterande opparbeida vegar internt på næringsområdet, der vegane er regulert utvida og dimensjonert for semitrailer. Det er regulert fortau langs hovudtraséen ned mot kai og andre stikkvegar i området. Gatelys kan etablerast innanfor føremålet anna vegg grunn.



Figur 13. Oversikt på vegnett innanfor planområdet.

3.3.1 Veg (SV)/Gang- og sykkelveg (SGS)

o_SV regulerer fylkesveg 500, Uskedalsvegen. Dagens veg er lagt til grunn, med nokre punktutbetringar og betra sikt/kurvatur i vest. Det vert lagt til rette for opparbeiding av busslommer ved krysset til Børnes industriområde, samt gang- og sykkelveg langs store delar av traséen. Ut frå berekna trafikkmengd er det ikkje behov for å etablere venstresvingefelt i fylkesvegen, men det er behov for å etablere trafikkø i sekundærvegen, SKV1. I høve handbok N100 er det avvik i horisontalkurvatur i svingkurve vest i planen. Det vert gjort ei utbetring av dagens kurvatur, men det er ikkje mogleg å oppfylle handboka sine krav utan å måtte sanere bygningar langs vegen. Dagens veg er dimensjonert utan bruk av klotoider. Avbøtande tiltak i høve desse avvika vil vere å sette ned fartsgrensa til 50 km/t.

Det er regulert gang- og sykkelveg langs deler av fylkesvegen med 3,0 meter breidde (+ rekkverksrom 0,75 m). Gang- og sykkelvegen er lagt på sørsida av vegen, dette grunna at bustadeigedomane hovudsakleg ligg på denne sida av vegen og det er såleis naturleg at gang- og sykkelvegen vidare aust mot Uskedalen vert plassert på denne sida av fylkesvegen. Det er valt å regulere gang- og sykkelveg frå plangrensa i aust og fram til avkøyring til bustadane på gbnr. 134/53, 26 og 37 i vest. Med dette vil bustadane på sørsida av vegen få eit trygt tilbod fram til busslomme.


Dagens busstopp er enkle, ikkje opparbeida kantstopp, som ligg i område med til dels dårleg sikt. Det er difor regulert to busslommer like ved avkøyringa til næringsområdet. Desse er regulert med utbetningsstandard, og er vist med breidde på 3 meter og total lengde på 54 meter. I tilknytning til busslommene kan det innanfor føremålet anna veggrunn førast opp busstur.

3.3.2 Køyveveg (SKV) og fortau (SF)

Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål arbeidar kommunen for å vera ein trafikkikkert kommune, tilrettelegging for kollektivreisande, samt sikker tilkomst til arbeidsplassar, både til fots og på sykkel. I plansamanheng der det viktig å sikre areal for å kunne gjennomføre tiltak som stettar desse måla, og det er difor lagt vekt på å regulere for god standard på samferdselsføremåla i planforslaget.

Rekkefølgjekrav i føresegnene set føringar for at teknisk infrastruktur fram til respektive tomter er omsøkt og godkjent av kommunen. Denne føresegna inneber m.a. at ny/auka breidde på veg, fortau og gatelys skal etablerast. Det kan vere grunn til unntak for å byggje full standard på infrastruktur, og det er lagt inn følgjande unntak i føresegnene; 1) lagerbygg på tomter med eksisterande infrastruktur eller 2) nye verksemdar eller anna drift som ikkje inneber større trafikkmengde eller fører til auka trafikkfare langs køyvevegane. Bakgrunnen for dette er å gi moglegheit for ei lokal tilpassing til næringsverksemdene som er og skal etablera seg i området. T.d. vil arbeidsplassintensiv aktivitet eller auka tungtransport medføre behov for å opparbeide nytt fortau og gatelys, samt auke standard (breidde) på køyvevegane i tråd med reguleringsplanen. Det er likevel viktig å regulere for framtidig moglegheit for god standard, slik at næringer ikkje vert utelukka fordi det ikkje er regulert tilstrekkeleg areal for dette.

Hovudvegen inn i planområdet o_SKV1 er regulert med 7 meter breidde, dimensjonert for semitrailer. Internvegane inn til dei ulike delområda er også regulert med 7 meter breidde, med unntak av køyveveg inn til kommunal slamavskiljar. Det er regulert sløyfe som knyt BN1-2 og BN3-4 saman med kvarandre, elles er stikkvegane regulert som blindvegane. Det er regulert fortau langs hovudtraséen inn i planområdet langs austsida av vegen, og vidare langs hovudstikkvegane i området. Fortaua er regulert til 2,5 meter breidde. Under er køyvevegane merka av med nummer og eigarstatus (f=felles, o=offentleg). Stigningsforholda på dei nye (f_SKV2 og 5) vegane innanfor næringsområdet vil ha ein stigning mellom 5-6%.



Figur 14 Figur som syner overordna vegsystem og eigarformer

Hovudtraseen i området, o_SKV1, samt køyvegen, o_SKV9, er regulert med offentlig eigarstatus. Andre hovudstikkvegane er regulerte som felles for dei aktuelle næringsdelområda. Kvinnherad kommune vil opparbeide infrastruktur knytt til køyvevegane i området som er synt som offentlege og f_SKV2, då det er gjort

avtale om dette ved sal av tomter. Vedlikehold og drift av vegane vil liggje på eigarar av næringsområda som er knytt til dei respektive private og felles køyrevegane.

Regulerte endra forhold til eksisterande avkøyringar:

Eksisterande avkøyringar til bustadeigedomar på sørsida av fv. 500 vert i hovudsak oppretthaldne. Avkøyringa til eigedom 134/23 vert stengd, og det er regulert ny tilkomst frå vest, over eigedom 134/69. Denne endringa er gjort på grunn av at eksisterande tilkomst går ut i regulert busslomme. Eksisterande avkøyring kan nyttast fram til at busslomma vert opparbeida. Kommunen vil opparbeide den nye tilkomsten, men etter dette må vegen driftast privat. Eksisterande avkøyring til BN12 direkte frå fv. 500 i aust er regulert stengt. Denne er i dag stengt med bom, og vert berre nytta ved særskilte tilhøve i dag. Plankartet regulerer også at avkøyringane frå bustadeigedomane innanfor BN11 skal stengjast før det kan godkjennast nye tiltak innanfor BN11. Avkøyringane kan nyttast så lenge ny tilkomst ikkje er etablert.

3.3.3 Anna veggrunn – grøntareal, SVG

Det er sett av areal til annan veggrunn – grøntareal. Dette arealet kan nyttast til støttemurar, rekkverk, lyssetting og grøfter. Vidare kan arealet nyttast til snølagring, avkøyrslar, skråningar, skjeringar og grøfter. I tilknytning til busslommene kan det førast opp busskur innanfor føremålet. Innretningar kan ikkje vera i strid med siktkrava i frisiktsona.

Dagens avkøyring til fritidseigedom 134/11, sørvest i planområdet, er trafikkfarleg i sving med dårleg sikt, og den gir heller ikkje rom for å snu på eigen grunn. Grunneigar har signalisert ønske om ei utbetring, og det er gjennom føresegnene opna for tilrettelegging av større parkeringslomme og opparbeiding av areal her.

3.3.4 Parkeringsplass, SPA

Regulert parkeringsplass ved BN2 kan nyttast av fritids- og nausteigedomane i planområdet, samt brukarar av Klubben. Arealet gir rom for opptil 10 biloppstillingsplassar. Parkeringsarealet skal vera ferdig opparbeida før løyve til tiltak vert gjeve innfor føremåla fritidsbustad, naust og småbåtanlegg. Det er naturleg at dette arealet vert opparbeida og lagt til rette i samband med etablering av køyreveg SKV2. Dersom tiltak på areala ved sjøen kjem før ringvegen, vil dette medføre at parkeringsarealet vert laga til med utgangspunkt i privat initiativ. Det vert uansett lagt til grunn at private naust- og hytteeigarar må kjøpe seg privat parkeringsareal hjå grunneigarar.


3.4 Kai (SK) og hamneområde i sjø (VHS)

Det er to eksisterande kaiområde innanfor planområdet, eit i nord og eit i aust. Det er berre den i nord som er regulert til kaiføremål i gjeldande reguleringsplan. I gjeldande kommuneplan er kaiareala omfatta av kai- og næringsføremål. I gjeldande reguleringsplan/kommuneplan er kaiføremålet i nord større enn det som er bygd, medan kaiareala i aust er synte som faktisk situasjon i kommuneplanen.

Gjennomført kartlegging av sjøbotn

Geomap Norge gjennomførte kartlegging av sjøbotn med enkeltstråle ekkolodd 6. september 2019. Kartlegginga fokuserte på austsida av planområdet, då det for området i nord føreligg topografikart. Samla frå området har det nordvestlege området ein veldig bratt topografi frå land til kote -100-130. Utover -130 flatar topografien ut. Den bratte topografien går igjen på heile nordsida av området. Dess lengre aust og sør ein kjem i området, flatar topografien ut. Området er flatast i sør/aust.

Figur 15 Utsnitt kartlegging av sjøbotn. Geomap Norge



Kaiføremål i nord, SK1

I nord er det ei offentleg kai der Vestskog disponerer vestleg del av kaien og kommunen den austlege delen. Vestskog har signalisert at dei til tider har behov for meir areal pga. store mengder tømmer som skal skipast ut. I desse dagar er det mykje skogsdrift i regionen, og tømmerkaien på Børnes er ei god og sentral kai og vert difor mykje nytta. Diverre er marknaden noko metta, noko som gjer at tømmeret i periodar vert liggjande lenge på kaien. Dette avgrensar tilkomst og bruken på resterande kaiområde. Den kommunale delen av kaien vert nytta i samanheng med leveransar av t.d. grus, utstyr etc. Alle som har eigedom innanfor næringsområdet på Børnes har rett til å bruke den kommunale delen av kaien. Kaien er i dag opparbeida i om lag 75 meters lengde.

Kaien er føreslått regulert i 180 meters lengde, dette er noko kortare enn gjeldande reguleringsplan viser. Kaien er avslutta om lag 15 meter lengre aust enn i gjeldande plan, mot eigedomen til Hjørnevåg. Linja i sjø er noko endra, og ligg nokre meter lenger mot vest. Det er og regulert noko meir bakareal til kaien for å ha meir lagringsplass tilgjengeleg. Det er lagt inn eit grøntområde mellom kaiarealet og BN4.



Figur 16 Kaiområdet SK1

Kaiføremål i aust, SK2-4 og hamneområde i sjø

I aust ligg det andre kaiområdet, som er privat og knytt til eigedom tilhøyrande Eidsvik eigedom AS. I dag vert betongkaien lengst sør nytta av verksemd innanfor området for arbeidsbåtar, leveransar etc., og stålkaien i nord til opplag av båtar. Eidsvik kan tilby landstrøm, lagring av utstyr, vedlikehald og tilsyn av skip og lekter.



Figur 17 Industri/kaiområde i aust

Næringsaktørar i området signaliserer at det er behov for meir kaiareal i området. Om lag heile BN12 vert regulert med kaiføremål mot sjøen, ca. 140 meter, og BN9 får òg ein 100-120 meter lang kai i front. Utanfor BN9 er det gode djupnetilhøve, og det er tenkt å leggja til rette for marine og maritime næringer i dette området. Området ligg godt skjerma frå ver og vind, og er ei sikker hamn for levering og henting av varer sjøvegs. Området er godt eigna for opplag av skip og lekterar m.m. i korte og lengre periodar. Det er difor regulert hamneområde i sjø utanfor SK2-4.

3.5 Grøntstruktur (G)

Areal skal fungere som skjerming mellom næringsområde og nærliggjande areal, samt for å dempe landskapsverknaden av næringsområdet. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad oppretthaldast. Vidare er det generelt innafør G område ikkje tillate med bygningar eller lagerverksemd. Det er særleg sett krav om at eksisterande vegetasjonen innanfor G3 skal oppretthaldast for å skjerme aktiviteten ved Hjønnvåg sitt anlegg i vest og for å gjera at nytt næringsareal på BN7 vert mindre dominerande sett frå sjøsida og Uskedal. Innanfor G3 er det opplyst at det er eit særmerka landemerke, Båresteinen, som er eit kjent merke for dei som ferdast på sjøen. I føresegnene er det spesifisert at Båresteinen skal takast vare på.

Det er generelt opna for å etablere mindre stiar og å etablere bord/benkar innanfor område G1, Klubben. Innanfor føresegnområde #1 kan det etablerast sti frå parkeringsplass/veg ned til naustområde, denne skal ha maks breidde på 1,5 meter.

Det er få vassdrag innanfor planområdet, og føresegnene gira at eksisterande bekk i sør-vest, som går ned til Mørkevågen, skal haldast open. Klubben er eit dels attgrodd myrtjern, der planen opnar for tiltak som skal medverke til å oppretthalde vasspeilet og skjytte tjernet. I området rundt Klubben kan det etablerast mindre tiltak som bord og benker for å fremja friluftaktivitetar i området.

3.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)

Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak som er i konflikt med dette er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn, avløp, varmpumper, straum- og telenett. Sjøleidningar må vera forankra på ein slik

måte at dei ikkje heftar fiskereiskap. I område tilgrensande føremålet kai er det tillate med tiltak og anlegg for fortøyning, lasting, lossing, bording, service og andre tenester knytt til fartøy.

Området i Mørkevågen som er registrert som kaste- og låssettingsplass i Fiskeridirektoratet sin database, skal periodevis kunne nyttast som kaste- og låssettingsplass, inklusivt fiske med lys.

3.7 Omsynssoner

3.7.1 Frisikt, H140


Det er synt frisktsoner i alle kryss i samsvar med handbok N100. I frisktsona skal det til ei kvar tid vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytane vegar sitt plan. Krav til sikkerheitssoner sett i Statens vegvesen si handbok N101 Rekkverk og vegens sideområder må vere tilfredstilt.

3.7.2 Støysoner etter rundskriv T-1442

I kommuneplanen er det lagt inn støysoner langs fv. 500, Uskedalsvegen, som er markert som gule og raude soner basert på data frå Statens vegvesen. Desse sonene er teke inn i detaljplanen som omsynssoner. Det er ikkje sett av areal for ny busetnad innanfor støysona, og det er heller ikkje planlagt bygg med støyfølsamt bruksformål her. Føresegnene gjer T-1442 gjeldande i planområdet.

3.7.3 Faresone skred, H310

Delar av området på vestsida av Børnes ligg innanfor faresone for skred i kommuneplanen for Kvinnherad. NVEs Atlas syner òg at området ligg innanfor faresone for skred i bratt terreng. NVE har fått utarbeida rapporten «Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune» 33-2015, denne syner at det er steinskredfare i området (som vist på figur under). Denne rapporten konkluderer med at det ikkje er jord- og flaumskredfare i dette området. Området er småkupert, med nokre bratte hellingar mot sjø. I faresonene med mogleg rasfare skal det gjennomførast faresonekartlegging før søknad om tiltak kan godkjennast. Det er ikkje tillate med nye bygg/tiltak (inkl. bruksendring) innanfor omsynssonene før eventuelle naudsynte avbøtande tiltak er etablerte.



Figur 18 Skredfare, kjelde: NVE-rapport 2015



Figur 19. Venstre: Område med skredfare i sørvest. Høgre: Deler av område med skredfare i nordvest.

3.8 Føresegnområde

Innanfor føresegnområde #1 skal det opparbeidast sti. Denne skal gå frå parkeringsplass, SPA, og ned til område for naust- og fritidsbustad. Stien skal ikkje endre flaumføringa av bekken den må krysse. Stien må vera ferdig opparbeida før det vert gjeve løyve til nye tiltak innanfor føremåla fritidsbustad, naust og småbåtanlegg.

Innanfor bestemmelsesområde #2 kan det først opp bygning med høgde på opptil 23 meter.

Areal innanfor bestemmelsesområde #91_1-4 kan nyttast som anlegg- og riggområde i samband med gjennomføring av utbetring av veganlegget for fv. 500. Det er lagt føringar for at etter enda anleggsperiode skal areala ryddast, settast i stand og tilbakeførast til før-situasjon og i samsvar med underliggende arealføremål.

Areal innanfor bestemmelsesområde #91_5 er knytt til veganlegga internt på næringsområdet, og kan nyttast som anlegg og riggområde.

3.9 Infrastruktur

3.9.1 VA og overvatn

Gøtz AS har gjennomført vurderingar og planlegging av VAO for planområdet. Prinsippsskisse for VAO-plan er vedlagt planframlegget, sjå denne for detaljar av eksisterande og nye tiltak.

Situasjonen i dag.

- Vatn

Det er privat vassverk her, Uskedal vassverk. Igjennom planområdet går det ein 160mm PVC leidning, ca. 10år gamal. Denne er forsynt frå ein eldre 110mm PVC leidning, truleg frå 70-tallet, langs fylkesvegen og vidare går det ein eldre ND150 støypejerns leidningsnett frå vassverket og ned til fylkesvegen. Vassføringa til området er frå Eikelva (elvevatn), og opphavelag vassverk etablert 1948/49. Vassleidningane i området på Børnes er opphavelag lagt av kommunen og så har vassverket teke over dei etterpå. Vassverket har i dag om lag 500 abon. i Uskedalen og forsyninga fungerer stort sett greitt. Flaskehalsen deira er vatn på vinteren (lengre kaldt, frost og tørt), i desse periodane det er berekna kapasitet på 10-12 l/s. Og vidare er hovudvassleidningen «berre» V110mm. Vassverket reknar gjennomsnittleg forbruk i løpet av eit år til 6-7 l/s og dei har tilstrekkeleg sløkkevatn med kapasitet 18 l/s i 4 timar. Sløkkevatn har ein også høve til å ta frå sjø. Pr i dag så har ein ikkje kapasitet til «ekstraordinære» tiltak/nye aktørar som krev mykje vatn.

For næringsområdet er det i dag Hjørnevåg som nyttar mest vatn (tining av fisk, 40-60 kubikk i året), deretter bruker Mesta ein del for å blande saltlake for strøing. Begge desse aktørane kan ha mogleik til å bruke sjøvatn, men pr i dag så vert det ikkje brukt. Vassverket har ikkje planar om oppgradering av hovudvassleidning i retning Børnes. Vassverket jobbar for og har søkt NVE om å etablere ny terskel på fjell i drikkevasskjelda, oppstrams dagens inntak. Dette vil medverke til å auke kapasiteten. Vidare planlegg vassverket å etablere ny hovudleidningstrekk i retning Uskedalen. Vassverket er klar for å sette i gang med prosjektet straks dei får nødvendige løyve til tiltaka. Tiltaka er med og betrar tilhøva for sløkkevatn i retning Børnes.

- Spillvatn.

Det går ein kommunal 200mm PVC sjølvfallsleidning med godt fall gjennom område, i hovudveg, og ned til kommunal reinsestasjon. Forutan planområde så kjem det også to pumpeleidningar inn på denne, ein frå ein mindre pumpestasjon ved Eikevegen og ein frå pumpestasjonen ved Stølavika. Innanfor planområdet så har husa på 134/14 og 134/22 privat slamavskiljar. Næringsområde på 134/44 har også privat slamavskiljar i tillegg til privat pumpestasjon som pumpar opp til kommunal sjølvfallsleidning. Det må ev. gjerast tiltak på sørsida av veggen, der avlaup frå eksisterande bustadar truleg endar i ein bekk. Anlegget i planområde er relativt nytt og ein reknar det som å ha god kapasitet til ein auka aktivitet her.

Det er private løysingar for bustadhusa sør for fylkesvegen. Kommunen er kjent med at det er utfordringar i området.

- Overvatn.

Det går ein kommunal 200mm overvassleidning igjennom området, i hovudveg, som går over til ein 300mm lengst mot i nord. Den tar greitt det som er i dag, men med ei utviding og tettare flater her så vil den nok bli for liten. I tillegg så er det nokre drensleidningar som går til sjø. Overvatn i fylkesvegen blir i dag ikkje samla opp, men ført til terreng.



Figur 20. Oversikt hovudinfrastruktur for VAO, eksisterande situasjon.

Framtidig situasjon.

- Vatn

Så lenge det er næring/industri som har normalt forbruk av vatn så ser ein for seg å kople seg på eksisterande vassleidning i området. Det er ein sårbar situasjon, særskild på vinterstid. Om det går slik Uskedal vassverk ønskjer så vil ein få eit nytt forsyningspunkt med omtrent same leveransekapasitet som i dag om ikkje så lang tid. Dette vil også ha tryggare vasslevering om sommaren. Likevel så vil framleis forsyninga ut til næringsområdet vere gjennom ein 110mm leidning. Om det kjem interessantar som vil ha bruk for meir vatn så må ein sjå på å utbetre forsyninga som er 110mm og evt. kapasitet knytt til vasskjelda. Dette er det sett krav om i føresegnene. Ein må gå i dialog med Uskedal vassverk for å sjå på mogleikar der. Vidare så kan alternative vasskjelder eller teknologi som gir lågt vassforbruk vurderast av verksemdar samt at det kan vere mogleik for buffertankar tilknytt desse næringane.

Det må etablerast større dimensjon på røyr frå vassverket og ut til næringsområdet for å kunne utnytte den forbetra leveransekapasiteten. Uskedalen vassverk har ikkje plan om oppgradering i retning Børnes, slik at dette er noko som utbyggjarar må koste. Utover det så er det gode mogleikar til å hente sløkkevatn frå sjø.



Figur 21. Prinsippskisse ny 180mm leidning (markert gul linje) frå ny trase frå Uskedal vassverk og til Børnes næringsområde.

- Spillvatn.


I og med at kommunal spillvassanlegg her er relativt nytt og har god dimensjon så vil ein kople seg på det. I samband med utbetringa av Uskedalsvegen og krysset der med busslommer så vil ein ta med seg grøft for spillvatn bort til dei husa som i dag slepp spillvatnet i bekken. På den måten kan ein få samle opp dette. For området BN8 og BN9 så må det lagast eigen pumpestasjon som pumpar spillvatnet opp til kommunal sjølvfallsleidning. BN10 bør samordnast med eigedom 134/44 (BN12) og få felles pumpestasjon opp til kommunal sjølvfallsleidning. I prinsipp VA-plan er det vist mogleg plassering av ny pumpestasjon.

Kommunen er kjent med at det er utfordringar i området sør for fylkesvegen der det er private løysingar. Den beste løysinga for området er å kunne etablere løysingar med sjølvfall til nordsida av fylkesvegen. Kommunen ser at reguleringsplanen som regulerer tiltak i fylkesvegen og tiltaka som Uskedal vassverk planlegg er innfallspurt til å løyse situasjonen. Ein må komme tilbake til kven som skal ta ansvar og kostnaden for dette.

- Overvatn.

Om ein reknar at den skal ta overvatnet frå veg og berre delar av næringsområde i nærleiken, så kjem ein opp mot 30da og får Qdim ca 575l/s. Sjå dimensjonering av overvatn og nedbørsfelt i figurar under. Nedbørsdata er henta frå Opstveit, frekvens 20 år og med 10 min. og klimafaktor 30%. Dagens røyr på 300mm klarar maks 263l/s med 5% fall og er for lite. Eit 500mm rør med same fall vil ta 1004l/s (pipelife sitt berekningsprogram)

| Dimensjonering av overvatn Børnes | | | |
|--|----------|---|--------------------|
| Utrekning | | | |
| Nedslagsfelt=A | = areal | = | 3 ha |
| Bygelend t | = antatt | = | 10 min |
| Nedbørsintensitet i: | = tabell | = | 184.2 l/s*ha |
| Avrenningskoeffisient c | = tabell | = | 0.8 l/s |
| Klimafaktor Kf | = gitt | = | 1.3 |
| Qdim = c*i*A*Kf | | = | 574.704 l/s |



Figur 22. Dimensjonering av overvatn og nedbørsområde som ein ser for seg å kunne samle opp i overvassleidning i veg. Gøtz AS.

Ein ser for seg at det er berre delar av områda nær hovudvegen ein får samla opp i ny overvassleidning. I dag så går store delar av overvatnet til terreng og sjø, og det ser ein for seg at også delar av områda framleis vil gjera, sjå figur over (overvatn frå lilla areal vert ført i overvassleidning langs hovudveg i aust) For områda BN6,

BN7, BN9 og BN12 er det naturleg at alt overvatn vert ført austover og til sjø. For områda BN10 og BN11 så må overvatnet førast over BN12 til sjø, mens for BN1, BN2, BN3, BN4, BN5 og BN8 så vil delar av areala bli ført til terreng/sjø, jf. figur ovanfor. Legg ein til dømes overvassleidningen i hovudvegen 60cm djupare enn minimumskravet så vil ein kunne gå 60m lengre inn enn lilla farge i figur ovanfor for å hente overvatn. Sidan ein ikkje veit kvar bygg/installasjonar kjem på områda så har ein berre synt stikk inn på VA-planen.

Totalt så vil då ein god del meir av dagens overvatn bli samla opp, men etter kvart som områda blir utbygd så vil samtidigheita av overvatnet auke og ein auke av dimensjon her bli naudsynt. Næringsområda vil likevel ofte ligge planert på fylling og desse områda vil då også ha ei fordrøyning.

Næring som krev reinsing av overflatevatnet på sitt område må følgje forureiningslova og ha eigne reinsesystem som tilfredsstillar krava før overvatnet evt. blir slept i sjø.

3.9.2 Renovasjon

Det er gjennom føresegnene sikra at det skal etablerast renovasjonsløyningar tilpassa verksemdene i områda avsett til BN. Det skal òg vera tilstrekkeleg rom for sortering av avfall. Løysing for renovasjon skal synast i situasjonsplan i samband med byggjeløyve.

3.9.3 Massehandtering

Det vil verta eit overskot av massar i området. For å redusere verknad frå anleggsarbeid og sikre god foredling av massane sett føresegnene ein del krav. Det er krav til at massar frå anleggsarbeid for opparbeiding av BN7, BN8 og BN9 skal fraktast ut frå næringsområdet for vidare behandling. Massane må fraktast til godkjent knuseverk eller byggeplass utanfor planområdet, fortrinnsvis sjøvegen når dette er mogleg. Det vert såleis ikkje opna for steinknuseverk innanfor planområdet. For å avgrense anleggsarbeida er det krav om at tidsplan skal inngå i plan for massehandtering.

Føresegnene set krav om massehandteringsplan for dei områda som skal utviklast. Massehandteringsplanen skal seie noko om massebalansen på delfelta og kva ev. overskotsmassar skal nyttast til. Det skal gå fram korleis tiltaka skal gjennomførast og ein skal hindre dumping av massane. Det er opna for mellombels lagring av massar på alle næringsområda. Det er gjennomført eit grovt estimat på massebalanse i området, som totalt gir om lag 117 000m³ i overskotsmassar for å planere næringsareala.

| | Prosjektert faste masser knytt til næringsareala | | | |
|--------------|--|------------------------|-----------------------|------------------------|
| | Areal daa | Fylling m ³ | Spreng m ³ | Balanse m ³ |
| BN1 | | 0 | 0 | 0 |
| BN2 | | 0 | 0 | 0 |
| BN3-4 | | 0 | 0 | 0 |
| BN7 | 3 | 0 | 14 500 | 14 500 |
| BN8 | 9,1 | 0 | 53 000 | 53 000 |
| BN9 | 6,1 | 2 500 | 47 500 | 45 000 |
| BN10 | 2 | 600 | 1 000 | 400 |
| BN11 | 2,4 | 100 | 4 500 | 4 400 |
| Sum | 22,6 | 3200 | 120 500 | 117 300 |

3.9.4 Universell utforming

Det er sett krav i føresegnene om at prinsippet om universell utforming i gjeldande byggteknisk forskrift skal leggjast til grunn for utforming av byggverk, uteareal og tilkomstsoner. Intensjonen med dette er at ein skal tilstrebe universell utforming ved etablering av tiltaka, og vise til vurderingar om korleis dette er søkt løyst i søknad om løyve til tiltak. For ny infrastruktur skal det setjast særlege krav m.a. til stigningstilhøve og veggbreidde. Hovudvegtraséen inn i området får fortau på 2,5 meter breidde langs vegen. Det er og lagt til rette med gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, med rekkverk, på strekninga.

3.9.5 Straum

Det er ein eksisterande trafostasjon innanfor planområdet, som ligg rett nord for krysset ned til Eidsvik, ved BN8. Det er planlagt ein ny trafostasjon sør-vest i næringsområdet, der infrastrukturen legg opp til at den vert plassert like nordvest for BN1. Dersom det skal etablerast gatelys langs veg og køyreveg kan dette etablerast innanfor føremålet anna veggrunn. Det er naturleg at det vert etablert gatelys der gang- og sykkelveg og fortau vert etablert. Vidare er det behov for belysning på kaiareala.

4 Verknader av planframlegget

4.1 Kommunale og regionale føringar

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona plasserer Kvinnherad i kategorien område med mindre press på areala. Kommuneplanen skal leggast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar, og eldre planar bør reviderast.

Kvinnherad kommune har gjennom kommuneplanens samfunnsdel sagt at dei ønskjer å stimulere til ytterlegare vekst innanfor gjevne fiskerifaglege rammer balansert mot miljøinteresser. Sjøområda i Kvinnherad er vurderte som svært godt eigna både for fiskeoppdrett og til skjeldyrking. Skipsbyggingsnæringa er konkurranseutsett og opplever konjunktursvingingar som medfører ujamn sysselsetting. Denne næringa er stor i Kvinnherad og har ringverknader for andre næringar. Kvinnherad kommune har som mål å leggja tilhøva til rette for utvikling av denne industrien.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er endeleg vedteken og vert nytta som retningsgjevande for planlegginga i området. Planen skal sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsona i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Den skal og sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa, som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjørette næringsareal.

Vurdering

Planen er ei revidering og oppdatering av gjeldande plan, samt nye føringar lagt i kommuneplanen og overordna retningslinjer. Planen legg til rette for ei utvikling av næringsareal som er knytt til sjø og strandsona. Den legg opp til ein arealbruk meir i samsvar med dagen bruk og utvikling av området. Den sikrar òg meir av naturverdiane i området, og legg til rette for ei meir trafikksikker løysing av næringsområdet. Ved utvikling av Børnes næringsområde er det naturleg å leggja til rette meir sjønært næringsareal, og å vidareutvikla allereie eksisterande areal. Arealbruken som er regulert er i all hovudsak i tråd med overordna plan. Reguleringsplanen legg til rette for ei konsentrert utbygging av næringsareal, og vil såleis kunne medverke til å lette presset på andre strandsonareal i kommunen. Planen set vilkår knytt til estetikk og omsyn ved terrenginngrep, og planerings- og byggjehøgder for delområda er tilpassa omgjevnadane og landskapet.

4.2 Landskap og estetikk

I det nasjonale referansesystemet for landskapsregionar inngår planområdet i region 22, Midtre bygder på vestlandet - Storsundet. Området inngår i landskapstype – Middels breie fjordløp, med stor verdi. Generelle kjenneteikn for landskapstypen: «*Middels breie fjordløp har ofte vel definert romlig avgrensing, og den visuelle kontakten, blikkfanget mellom fjordsidene er god, mellom 1-2 km. Landskapsrelieffet er i hovudsak preget av bratte fjordsider, i mange tilfelle med ei flatare sone med lausmassedekke langs fjordkanten. I dei ytre bygdene er landskapsromma vidare, med meir tilbaketrekte, skogklede åssider. Langsgåande vegar pregar dei fleste områda. Fjordens funksjon som ferdelsåre har også vert bestemmende for busetting og utvikling av tettstadar og lokalisering av industrianlegg sidan slutten av 1800-talet.*»

n



Foto: Frode Eidsvik

Figur 23 Børnes sett frå aust. Foto: Frode Eidsvik

Børnes er eit nes som stikk ut i fjorden, og som er godt synleg sett i frå Uskedalen sentrum. Sør for planområdet, på sørsida av fylkesvegen, er det høge fjell som strekk seg opp mot 240 meter, og vidare sørover opp til 1000 meters høgde. I nord ligg øya Skorpo som avgrensing av landskapsrommet. Området stig frå havnivå og opp mot om lag 20 m.o.h., høgast i vestre del. Neset i nord-vest er eit registrert friluftsområde. Her ligg eit område med naturleg vegetasjon og eit lite tjern - Klubben. Det er relativt bratt ned mot sjøen. Frå fylkesvegen i sør går det eit dalsøkk mot vest ned mot naustområdet og sjøen til Mørkevågen. Her er eit mindre naustmiljø med strandlinje og brygger. Midtre del av planområdet, vest for hovudvegen inn i området, er nyleg planert og klart for utbygging. Området aust for hovudvegen er i særlege delen utbygd med to einebustadar og Eidsvik skipsverft, mens på den nordlege delen er det per dags dato hogd og klargjort for grunnarbeid. Det er noko busetnad i skråninga sør for fylkesvegen.




Figur 24 Naustområdet Mørkevågen vest i planområdet

Vurdering

Børneset er eit markert nes som stikk ut i fjorden. Det er godt synleg frå Uskedalen sentrum, og busetnaden på sørsida av fylkesvegen. Delar av området er utbygd, men det står att store areal som ikkje er utnytta. Utnyttingsgraden er sett til mellom 50 - 70% BYA, som er noko høgare enn i gjeldande plan. % BYA gir forholdet

mellom tillate utbygd areal og tomteareal. Alle bygningar, konstruksjonar over bakken og opent overbygd areal, samt naudsynt parkeringsareal, inngår i berekninga av utbygd areal på tomta.



Figur 25 Illustrasjon som viser mogleg utnyttning av næringsområdet ved full utbygging. Denne viser ein mogleg utnyttning av området, storleik og plassering av bygg. Illustrasjonen er ikkje juridisk bindande, og kvar enkelt tomteeigar kan utvikle si tomt uavhengig av denne, innanfor krav sett i føresegnene. Bakgrunnskart = plankart til 1. gangshandsaming.

Det er vurdert at områda i sør, som ligg opp mot fylkesvegen, ikkje bør ha for høg utnyttning, medan areala som ligg lengre vekk frå busetnad og veg kan tola noko høgare utnyttning. Dei sjønære areala i aust får ei høg utnyttning på opp til 70% BYA, med utgangspunkt i å redusere press på andre strandsoneareal i kommunen, og opne for verksemdar som krev intensiv arealbruk ved sjø. Områda i nord og nord-aust får ei noko lågare utnyttingsgrad, dette grunna den eksponerte plassinga av desse områda ut mot sjø og båttrafikken.

Det er gjeve nyanserte føringar for kva byggehøgder og utnyttingsgrad dei ulike delfelta kan ha. Områda som ligg opp mot fylkesvegen, BN1, 2, 10 og 11 får ei maks byggehøgde på 9 meter og ei maks utnyttingsgrad på 50% BYA. Dette er dei områda som ligg høgast i terrenget og er mest eksponert frå bustadområda og veggen. Midtre delar av utbyggingsområdet BN3-5 og BN8 har fått byggehøgde på maks 12 meter og ei utnyttingsgrad på 60% BYA. Desse område ligg meir skjerma midt inne på området, og er ikkje like eksponert som kringliggende område.


I områda BN6 og 7, mot nord, er det òg sett maks byggehøgde på 9 meter og maks utnyttingsgrad 50-60% BYA. Dette grunna den eksponerte plasseringa ut mot sjøen, yst på neset. Eksisterande korridor med skog mellom desse to areala er regulert til grøntområde, samt areala mot sjø ved BN7. Dette vil fungere som landskapskjerming mellom næringsområda og mot sjøareala.




Figur 26 Foto av BN6-8 og eksisterande skogsområde regulert til grønstruktur. Foto: Frode Eidsvik

På område BN9, i aust, er det sett maks 12 meter byggehøgde, men 15 % av arealet kan ha ei bygghøgde på opp til 18 meter og 15% opp til 23 meter. Det er sett krav om ei avtrapping i byggehøgde utover neset, og område med opptil 23 meter høge bygg vil bli lokalisert sør på delområdet innanfor #2. Høge bygg vil såleis verta lokalisert i nærleik av kvarandre, og dermed vil dei ikkje skilje seg ut og dominere i området som om det var ei vilkårleg plassering av dei. Høgare høgde enn 23 meter vil gi ein uheldig silhuettverknad, rage over andre bygg i området, og dominere området i negativ retning. Det er vidare sett ei høg utnyttingsgrad på dette området, maks 70% BYA. Dette grunna dagens tankar om mogleg næringsverksemd som kan vera aktuelt i området. Dette er eit areal som ligg til sjø, har gode djupnetilhøve og som er tenkt nytta til maritim næring. Det er opna for kaiareal utanfor næringsområdet, og denne kan koplast saman med kaiareal i BN12. Det kan gi ei større samanhengande kaifront som for nærliggjande område vil verta godt synleg.


Område BN12 er det eksisterande område til Eidsvik, sør-aust i området. Her er det sett ei maks byggehøgde på 12 meter, og at 10% av arealet kan byggast med opptil 23 meter byggehøgde innanfor areal viset med #2. I dette området er utnyttingsgraden sett til 70% BYA. Dette gir moglegheiter for etablering av fleire tiltak innanfor delområdet og ei meir konsentrert utnytting av arealet. Dei 10% med høgare byggehøgde enn elles i delområdet, er tilnærma lik høgde og volum som det høgaste bygget innanfor delområdet. Dette gir at eksisterande bygg kan rivast og at det kan settast opp tilnærma likt bygning. Eksisterande kaiområdet kan utvidast noko i høve til dagens situasjon.



Figur 27 Snitt gjennom området vest-aust



Figur 28 Snitt gjennom området sør-nord



Figur 29. Skisse som synleggjer vurderingar knytt til høgde innanfor BN9, og med ei avtrapping i byggehøgde utover neset. Stort bilde viser perspektiv frå vestsida og lite bilde viser perspektiv frå austsida (Møkevågen). Eksisterende bygg er vist med brun farge og nye med lyse brune/gule bygg. Skissa viser ikkje vegetasjon eller eksisterende terreng i bakgrunnen.

Fjernverknad av planforslaget er noko avgrensa ut frå at det er gjennomført tiltak i området og at store deler består av næringsbygg og anlegg i dag. Det er ikkje opna for særleg høgare bygningar i området enn det som finst der i dag, og høgdekrava sett i planen er differensiert med omsyn til eksponeringsgrad og nær- og fjernverknadar. Til ein viss grad opnar planframlegget for ein meir konsentrert utnytting enn gjeldande regulerings-/kommuneplan. Vidare er skogsområda i vest og areal mellom BN6-7 regulert til grøntfremål for å ta i vare vegetasjon og skog som vil dempe inntrykket av næringsområdet. Utan desse skogsområda ville næringsområdet blitt særleg eksponert i frå fleire retningar. Det høgaste punktet innanfor planområdet er kt. +20 (innanfor G1), og ein del av bygningane kan bli høgare enn dette. Dei høgaste bygga er definert innanfor #2 og avgrensa på områda med lågast planeringskote. For dei nærliggjande områda opnar planframlegget for at uttrykket av næringsområdet vert endra og at det vil verta meir kompakt. Samstundes gir planframlegget ei meir heilskapleg utvikling av området enn dagens plansituasjon gir. Ingen av bustadane sør for fylkesvegen vil miste utsikta si til sjø, då desse bustadane ligg høgare i terrenget enn det næringsområda gjer. Likevel vil utsikta for nokre bli anderledes ved at det vert fleire bygningar og tiltak innanfor næringsområdet, og såleis i deira synsfelt mot sjø. Verknaden frå Uskedalen er noko avgrensa med omsyn til avstand, som er i overkant av 1 km, og såleis grad av inntrykk av området. Vidare er det berre for delstrek for køyrande langs fylkesvegen at næringsområdet er synleg; frå vest like ved plangrensa forbi planområdet og inn til Uskedalen. Frå bensinstasjonen i Uskedalen og austover er ikkje planområdet synleg lengre. Frå sjøsida vil Børneset vera synleg noko lengre enn frå landsida, men øyane Skorpo og Snilstveitøy skjermar innsyn frå Hardangerfjorden. Det er klart at når området er fullt utbygd i tråd med reguleringsplanen vil ein sjå på Børneset frå Uskedalen og få inntrykk av eit kompakt næringsområde.

Det vil verta nokre høge skjeringar mellom dei ulike delområda. Dette vil særskilt gjelda mellom område BN2 og 3, samt mellom BN8 og 9. Her kan det verta skjeringar opp mot 5,5 m. Desse vil likevel ikkje verta så


markante grunna bygningar inne på området som vil skjule desse skjeringane. Skjeringane ligg og i eit næringsområde, og dette gjer at ein toler noko høgare skjeringar utan at desse vert skjemma i heilskapen. Det er mykje store dimensjonar på bygningar og anlegg i området. Det er sett krav i føresegnen til at høge skjeringar og skråningar skal avrundast, og dei skal undersøkjast i høve behov for sikring. Farlege skrentar skal sikrast med gjerde på toppen, samt sikrast for steinsprang.



Figur 30. Foto, utsikt frå båthamna i Uskedalen.

4.3 Folkehelse og friluftsliv, barn- og unges interesse

Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase syner at det nord-vest i planområdet ligg eit lokalt friluftslivsområde, Klubben. Dette er registrert som leike- og rekreasjonsområde med liten brukarfrekvens. Det har ganske dårleg eignaheit og ingen spesiell funksjon. Det litle tjernet på toppen av området var tidlegare nytta til skeiseaktivitet om vinteren, og elles er området nytta til sopplukking om hausten. Det er tydeleg attgroing av dammen/tjernet og elles områda i kring. Det går eit tråkk frå naustområdet ved sjøen og opp til tjernet. Det er ikkje synlege spor av at området er i særleg stor bruk i dag.



Figur 31 Registrert friluftslivsområde



Tjernet i friluftslivområdet i nordvest

Planområdet grensar i sør-aust til eit friluftsområde som ligg til sjø, Steinsletto. Dette er ei strand som vert nytta til bading. Den er skildra til å ikkje vera spesielt tilrettelagt, ingen spesiell funksjon og liten brukarfrekvens.



Figur 32 Steinsletto, aust for planområdet

Næringsområdet er ikkje spesielt tilrettelagt med tanke på mjuke trafikantar. Det er ingen særskilte målpunkt innanfor planområdet for barn- og unge. For å ta seg fram til naustområdet og friluftsområdet er det mest naturleg å nytta eksisterande traktorveg ned mot Mørkevågen, og så sti vidare i bakkant av nausta.

Vurdering

Det er ikkje opna for vidare utviding av næringsområdet mot vest og friluftsliv- og naustområdet. Føremåls- grensa mellom grønt føremål og næringsføremål er tilpassa faktisk situasjon og for å få tilfredsstillande tilkomst mellom BN1-2 til BN3-4. Utbyggingsføremåla er avslutta før terrenget heller mot sjø. Grensene er sett for å bevare mest mogleg av skogsområdet og for å skape skjerming mot areal som blir brukt, eller har potensial for bruk, til rekreasjon og friluftsliv.

Folkehelse er summen av dei faktorane som påverkar vår helsetilstand. Det er i underkant av 2 km frå planområdet til Uskedalen sentrum, og er såleis ein avstand som gir grunnlag for gå/sykle til jobben/skule etc. Strekinga har relativt god kollektivdekning til Rosendal og Husnes, men det manglar trafikksikkert tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen til Uskedalen. Det er difor regulert inn busslommer og gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, samt fortau langs alle dei interne vegane i planområdet. Når framtidig utbetringar skal gjennomførast utanfor planområdet, er det avsett og sikra areal for mjuke trafikantar innanfor planområdet. I tillegg får dei som tek buss til området trygge gangvegar internt i planområdet. Det er også lagt til rette for parkering innafor planområdet til brukarane av naustområdet og grøntområdet Klubben. Tilbodet for mjuke trafikantar innanfor planområdet vil verta forbetra gjennom dei regulerte tiltaka, noko som vil kunne legge til rette for gåande/syklende og kollektivreisande for brukarar av området.

Badestranda Steinsletto vil ikkje bli direkte råka av planframlegget. Indirekte verknadar vil vera knytt til visuell verknad og at det kan for korte periodar i samband med anleggsarbeid verta verknadar for kvalitet på sjøvatn og stranda, samt lydnivå i samband med sprengingsarbeid. Det er ikkje grunn til å tru at planframlegget vil medverke til at brukarar av eller potensiell bruk av badestranda vert særleg endra.

I Mørkevågen er det fleire etablerte naust med brygger, og nokre nausttomter som ikkje er bygde på. Planen opnar for nye naust i området i tråd med kommuneplanen. Det er lagt strenge føringar for ålmenta si tilgjenge til sjøen, og det er regulert grøntområde ned til strandlinja fleire stadar slik at det skal vera mogleg å ta seg ned til sjøen. Det er i tillegg sett krav i føresegnene at det framom nausta, på kai og anna areal, skal vera ope


for allmenn ferdsle i min. 2 m breidde. Regulering av naustområdet og grøntområde gir grunnlag for utvikling av området, og bruk av det til fritid og rekreasjon for både nausteigarar og ålmenta.

Området ved Klubben er regulert til grønstruktur. Planen opnar for at det kan gjennomførast tiltak for å skjøtte tjernet og oppretthalda vasspeilet. Føremålet gir også opning for å etablere mindre tiltak som bord/benkar og mindre tiltak for å fremje friluftaktivitetar. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad oppretthaldast for å skjerma området og bevare det naturlege preget på delar av neset. Dersom det vert etablert friluftstiltak i området vil det vera eit fint supplement til områda ved nausta.

4.4 Naturmangfald


I Miljødirektoratet si kartteneste Naturbase er det ingen verneområde innanfor planområdet. Det er heller ingen registrerte oppføringar for utvalde naturtypar, naturtypar eller funksjonsområde for artar innanfor, eller nær, planområdet. Det er ikkje gjort registreringar av viltområde eller vilttrekk gjennom området. Store deler av planområdet er allereie bygd, slik at det er lite sannsyn for at området er særskilt attraktivt for viltbestandar. Det er ingen registreringar av marint biologisk mangfald i sjøområdet rundt Børneset.

Det er registrert artar av forvaltningsinteresse innanfor til planen i søraust. Her er m.a. artane fiskemåke (nær trua), hettemåke (sårbar) og svartbak (livskraftig bestand) registrert. Vidare er det observert fleire artar med livskraftig bestand, sjå figur under. Observasjonane er i stor grad enkelt observasjonar.



Figur 33 Registreringar i artsdatabanken innanfor og i nærområdet av planområdet.

Store deler av planområdet er utbygd og det er drift på områda som gjer planområdet mindre attraktivt for artar som er sårbare for aktivitet og støy. Areala i aust, mot fylkesvegen, samt areala som grensar til hovudvegen ned i næringsområdet, er utbygde/tilrettelagde areal som består av asfalterte/grusa flatar. Det er få grønne område her, og ein vurderer at desse areala er mindre attraktive for naturmangfold, med unntak av artar som har høg terskel for forstyrring og ingen spesielle habitatkrav. Areala som vender mot vest og Mørkevågen er naturområde bestående av furuskog med innslag av lauvtre (hovudsak bjørk). Buskvegetasjon av lyng og einer. Areala nærast sjø er hovudsakleg bratt og ikkje vegetasjonskledd. I dette området finn ein også tjernet Klubben som er dels attgrodd, og ein delvis open bekk frå fv. 500 og til sjø. Synfaring i området gir grunnlag for å skildre dette området som vanleg skogsområde som ligg vendt mot vest og sjø/strandsone. Det er få større tre i området, og området er dels påverka av næringsaktiviteten aust for skogsområdet.



Figur 34 Skildring av planområdet.

Vurdering av verknadar

Naturmangfaldlova vart vedtatt og trådte i kraft i 2009. Lova set krav til at prinsippa i §§ 8- 12 skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak (miljørettslege prinsipp). Dei miljørettslege prinsippa er knytt til kunnskapsgrunnlaget (§ 8), "føre-var-prinsippet" (§ 9), økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10). Det er fokus på at kostnader ved forringing av miljø skal berast av tiltakshavar (§ 11) og at det skal gjerast bruk av miljøfor-svarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12). Vurdering av konsekvensar for naturmangfald tek utgangspunkt i dei miljørettslege prinsippa.


Planen følgjer i stor grad gjeldande reguleringsplan og kommuneplan. Utbygging innanfor planområdet vil i hovudsak ha verknad på naturmangfald gjennom arealbeslag. Ein vurderer potensialet for å finne spesielt omsynskrevjande artar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse til å vera lågt, og artssamansetnaden innanfor planområdet til å vere generelt vanleg for regionen. Planen regulerer areala som i dag består av samanhengande skog/natur til grøntområde som ikkje skal byggast ut. Vidare opnar ein for tiltak i området som allereie er næringsområde eller tilrettelagde for næringsverksemd. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og

risiko for skade som følgje av planframlegget, ser me kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg, jf. nml. § 8. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at dersom ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjerla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderingar vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjerla rører ved naturmangfald, går ein vidare og vurderer dei andre miljørettslege prinsippa. Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilde vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar. Det er likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa under.

Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier reguleringa i planframlegget at føre-var-prinsippet ikkje skal anvendast, jf. naturmangfaldlova § 9. Vi er ikkje kjende med komande arealplanar i nærleiken av planområdet, og følgeleg vil prinsippet om samla belastning i nml. § 10 bli tillagt mindre vekt. På bakgrunn av eksisterande kunnskap og risiko for skade, vert det lagt mindre vekt på nml. §§ 11 og 12. Vi vurderer planen og tiltak etter den til ikkje å vere i konflikt med føresegnene i naturmangfaldlova § 8-12.

4.5 Naturressursar

I følgje Norges geologiske undersøkelse, NGU, består berggrunnen i området av båndet tonalitt og kvartsdioritt. Aktsemdsnivået for radon i området har fått aktsemdsgrad 1; moderat til låg aktsemd. Nordlege del av neset er registrert som grus- og pukkførekomst i NGU sin database. Frå databasen: «*Området har ein god beliggenhet, lite innsyn frå omkringliggjande bygningar og det er kai i området. Ressursgrunnlaget er noko avgrensa, noko som tilseier bruk av eit mindre, mobilt knuse-/sikteverk for å produsere byggeråstoff til den lokale marknaden.*»



Figur 35 Pukkførekomst, kjelde NGU

Ei lokal verksemd har teke ut massar i samband med opparbeiding av eigedomen sin, der dei nytta eit mobilt knuseverk til å produsera pukk, grus, sand og singel. I 2018–2019 vart det gjennomført ei støvnedfallsmåling i området. Det vart sett ut støvsamlarar i to ulike punkt, ein ved «Hjønnevåg fiskebedrift», om lag 150 m frå støvkjelda, og ein ved «hytte», om lag 85 m frå støvkjelda. Alle måleperiodane for begge målepunkta ligg godt innanfor grensa på 5 g/m².

Landbruksressursane innanfor planområdet er avgrensa. Det er ikkje registrert innmarksareal her, og skogsområda er avgrensa med omsyn til volum. Kaiområdet nord i planområdet er i eige av kommunen og Vestskog. Dette er ei sentralkai for utskipping av tømmer frå områda i Kvinnherad.

Vurdering

Store deler av område NGU har klassifisert som ressursområde skal opparbeidast til nye næringsområde, BN7-9. Planframlegget opnar for å kunne utnytte store deler av ressursane som finst i området. Grensegang mellom handsaming etter minerallova og kva som kan handsamast gjennom plan er ikkje alltid eintydig. I denne planen har ein lagt til grunn at masseuttaket skjer over eit kortare tidsrom og at drifta er knytt til uttak av massar i planområdet for å etablere nye næringsområde. Føresegnene gir rammene for dette. Dei massane som vert frakta ut av planområdet skal bruk av massane på den nye staden vera i tråd med løyver gitt etter plan- og bygningslova.

Det er i dag drive knusing av stein innanfor BN4, men kommunen kjenner ikkje til at det gitt løyve verksemda. Planframlegget stenger for vidareføring av knuseverket på grunn av omsyn til omkringliggjande interesser og bruk. Forhold til støy, støv, matproduksjon og folkehelse er lagt vekt på i denne vurderinga. Samstundes som ein vil prioritere arealet til verksemdar som er knytt til hovudføremålet med BN-områda; Næringsbygningar, som omfattar industri-, handverks-, service- og lagerverksemd. Sjølv om det ikkje vert opna for knusing av stein innanfor planområdet, vil ressursane kunne utnyttast enten internt i området for opparbeiding av areala eller andre stadar i kommunen. Det er sett føringar for at stein frå BN7, BN8 og BN9 skal frakast til godkjent knuseverk eller til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Forhold knytt til uttaket og transport ut av området skal avklarast som del av plan for massehandtering.

Tømmerkaien er regulert for vidareføring, og planen gir grunnlag for utviding ved behov. I desse dagar er det mykje skogsdrift i regionen, og tømmerkaien på Børneset er ei god og sentral kai og vert difor mykje nytta. I periodar kan tømmeret verta liggjande lenge på kaien, og dette avgrensar tilkomst og bruken på resterande kaiområde. Vidareføring av kaien og potensiale for utviding av denne er positivt for skogsdrifta i regionen.

4.6 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er heller ingen registreringar i det nærmaste områda.



Figur 36 Registrerte kulturminne i følgje kulturminnesøk.

Søraust for planområdet ligg det to SEFRAK-registrerte naust/båthus frå 1800-talet. Desse ligg innanfor friluftsområdet Steinsletto. Sør for planområdet, og fv. 500 Uskedalsvegen, ligg det eit eldre gardsbruk med tre SEFRSK-registrerte bygningar. Eit eldhus, eit våningshus/røykstove – nytta som fritidsbustad og ein liten flor, alle frå 1800-talet.

Vurdering

Planarbeidet vil ikkje koma i direkte konflikt med dei SEFRAK-registrerte bygningane. Bygningane sin avstand til området og siktlinene i området gjer at ein vurderer at planframlegget ikkje vil ha negativ verknad for tema kulturminne. Fylkeskommunen har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk.




Figur 37 Meldepliktige bygningar etter kutlurminnelova er vist i kartet.

4.7 Fiskeriinteresser, marine interesser og ferdsel på sjø


Børnes har ei sentral plassering med tanke på varetransport til og frå Kvinnherad kommune. Sjøen er ein viktig transportveg for næringslivet, og det er ei nasjonal målsetting å flytte meir transport frå veg til sjø. Det går ei bifarlei, 2190 Storesundet, for båttrafikk forbi området. Det er ein del båttrafikk i området, både nytte- og fritidstrafikk. AIS-data frå det siste året viser at ein del av dei større båtane har hatt Børnes som anløp, både den kommunale kaien/tømmerkaien og den private kaien i aust, sjå figur under. Data med AIS viser at normal ferdsel forbi planområdet går relativt langt unna planområdet og kaiområda.

Planen regulerer moglegheiter for å utvide kaiareala innanfor planområdet, samt eit nytt kaiområde på austsida av området. Til saman er det regulert kailinjer på om lag 185 m kai i nord, 130 m i aust for eksisterande kaiar og nytt areal 120 m. På grunn av djupneforholda i områda med kai er det truleg at utvida/nye kaiar vert etablert med pælar på botn og ikkje fylling i sjø. Ingen av kaiføremåla går særleg lengre ut mot farleia enn dagens situasjon. I varsel om oppstart har Kystverket uttalt at dei «*ikkje ser at tiltaket kjem i konflikt med areal avsett til farleia Storesundet eller med navigasjonsinstallasjonar i området*».



Figur 38 Data frå Kystdatahuset, Kystverket, som viser passeringar i perioden jan 2019-jan.2020 for båtar med AIS. Båtar mindre enn 24 m lengde er ikkje vist i kartutsnittet.

Av fiskeriinteresser er sjøområda utanfor planområdet ein del av eit stort område registrert som fiskefelt for aktive reiskap (artar sei og makrell), Husnes – Sniltveitsøy. Lengre ut i fjorden i nordaust er det registrert rekefelt og fiskeplassar for passive reiskap, Sniltveitsøy sør/aust. I kartdatabasen til Fiskeridirektoratet er store deler av Mørkevågen registrert som låssettingsplass. Tilhøyrande skildring av låssettingsplassen er: «6.06.2013 Heggebø/Hovda: Mindre viktig låssettingsplass. På bakgrunn av informasjon ved siste revisjon blir låssettingsplassen bare sporadisk brukt». Store delar av sjøområdet i Mørkevågen er i kommuneplanen for Kvinnherad avsett til nåverande Fiske. Det er ikkje gjeve spesifikke føresegner til dette føremålet. Eit belte langs strandsona er sett av til friluftsområde i sjø.




Figur 39 Utsnitt frå kommuneplan

Vurdering av verknad

Det er grunn til å tru at planframlegget, med opningar for utvikling av området, kan medføre noko meir skips- trafikk i området. Det er ikkje utfordrande å navigere i området, utover at det er eit smalt sund i farleia vest for planområdet. Ein vurderer at potensiell meirferdsel på sjø ikkje har innverknad på ferdsel på sjø eller vil krevje endringar eller nye navigasjonsinstallasjonar. Ut frå eksisterande og regulert situasjon ser ein ikkje at plan- framlegget vil ha verknad for ferdsel på sjø.

I høve til fiskeinteressene i området kan ein ikkje sjå at planen skal ha negativ innverknad på dei registrerte fiskefelta for aktive og passive reiskap då planen ikkje kjem i direkte konflikt med desse områda. I høve låsset- tingsplassen i Mørkevåg er det lagt inn i føresegnene at denne periodevis skal kunne nyttast, og at tiltak som kan verka negativt inn på dette i størst mogleg grad skal motverkast. Det er ikkje ankringsforbod i området. Det er regulert for småbåtlegg inst i vågen, i område som i kommuneplanen er synt til friluftsføremål i sjø. Dette området ligg utafor arealet som er synt til fiske i kommuneplanen. Det er gitt opning for å etablera nye flytebygger i området med maks 7,5 meter lengde, og maks 15 m².

Nye kaiar, og utviding av eksisterande kaiar i næringsområdet vil truleg verta etablert med pælar på botnen, grunna djupnetilhøva i området. Dette vil såleis ikkje ha like store konsekvensar for sjøbotnen eller nærliggjan- de fiskeriinteresser som ei fylling.



Figur 40 Fiskeriinteresser i nærområdet. Kjelde: Fiskeridirektoratet


4.8 Strandsone og vassdrag

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, fastsett ved kgl. res. av 25. mars 2011, har som formål å tydeleggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen, jf. forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen i pbl. § 1-8. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert strengare i sentrale område der presset på areala er stort. Kvinnherad kommune er del av områda avgrensa som område med mindre press på areala.

Store delar av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Området er tidlegare regulert, og det er i eksisterande plan synt grøntareal mot sjø på store delar av området. Ny reguleringsplan foreslår å regulere noko meir grøntområde i nordvest, i samband med registrert friluftslivområde. I nordaust er det valt å behalde noko grøntareal mellom delfelta BN6 og BN7, for å skjerme eksisterande fiskeindustri, og for å behalda noko av vegetasjonen ut mot sjøen. Elles vert store delar av arealet ut mot sjø på austsida av Børnes regulert til kai. Her er det gode djupnetilhøve, og området ligg godt skjerma frå ver og vind. Planområdet er kupert, og store

delar av området er ferdig planert og utbygd. Midtre deler av industriområdet er planert på ulike nivå, med nedtrapping mot sjø i nord og aust.

Hellingsgrad på den ikkje utbygde delen av tilgjengeleg strandsoneareal i planområdet er for store deler av område synt med stor helling (10-25 grader) og veldig stor helling (> 25 grader). Dette gjer at det er mindre godt tilgjenge til sjøen i desse områda. Strandsona i nord og aust innanfor planområdet er i svært liten grad nytta av ålmenta, då dette er næringsretta område eller areal som ikkje dårleg tilgjengelge frå landsida. Areala i vest mot Mørkevågen er teke i bruk til naust, bading og til andre rekreasjonsfremål.



Figur 41 Hellingsgrad i strandsona, kjelde SSB

Strandsona er ope for ålmenta i områda kring Mørkevågen. Det er ei eldre hytte i nordvest som dels privatiserer dei nærmaste areala. Det er bratt topografi både nedan- og ovanfor hytta, slik at privatiseringsgraden er noko avgrensa. Stadvis er areala nærmast sjøen bratte og lite tilgjengelege for tilkomst ned til sjøkanten. Tilkomst ned til sjø er i hovudsak der nausta er etablerte. Det er opningar mellom nausta i dag som gir tilgang til sjøkanten og sikt mellom bygga.

Strandsona i nord og aust er prega av næringsverksemdar, kaiareal og utbygd område med bratt topografi til sjø. Ålmenta si tilgjenge og potensiell tilgjenge til areala er avgrensa då områda er prioritert for verksemdene som er etablerte i området. Bygg og tiltak innanfor tidlegare Eidsvik skipsverft er sentralt i området og spelar ei rolle i området som arbeidsplass og bruk av området. Det høgaste bygget ruvar og er eit *signalbygg* for området.

Vurdering av verknad

Strandsona i området vil verta påverka av utbygginga i næringsområdet, og dette vil særleg vera synleg frå aust, der bygningar og tiltak ligg eksponert heilt ned mot sjøen. Det er likevel prøvd å skjerma dei mest utsette områda, ytst på neset i nord-aust og friluftsområdet i nord-vest for å dempa inntrykket. Dette er gjort ved å regulere grøntområde, ta vare på vegetasjon og regulere ei avtrapping av høgder på nye bygningar.

I høve gjeldande reguleringsplan og kommuneplan er meir av naturområda mot nord-vest og nord-aust bevart. Dette vil særskilt vera positivt sett frå sjøsida, og vil vera med på å bevare vegetasjon og det grønne naturområdet ytst på neset. Det vil også gje eit dempa inntrykk av næringsområde frå fritids- og båttrafikken i

området. I naustområdet ved Mørkevågen er grøntområde lagt heilt ned til sjøen mellom naustområda, dette for å sikra allmenn tilgjenge til sjø. Det er òg lagt føringar for at området ved naust og småbåtanlegg skal vera ope for ålmenta. Tilrettelegging av parkeringsplass og sti til naust- og friluftsområde er positivt med omsyn til trygg tilgjenge til desse områda.

Det er behov for sjønære næringsareal i regionen. Plassering av næringsområdet er forankra i kommuneplanens arealdel, og Børneset er eit av dei sjønære næringsområda som finst i kommunen som ikkje er fullt utnytta. Vidareutvikling av Børneset gir nye og potensielle område for marine/maritime næringsverksemdar. Tilkomst til sjø vil vere viktige element for slike verksemdar, og difor er kaiareal vore viktig å sikre i planen.


Plan- og bygningslova § 1-8 har føresegnar om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. Her står det òg at forbodet berre gjeld dersom ikkje anna byggjegrænse er sett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Det er sett byggegrense i gjeldande kommuneplan i området, og denne er i hovudsak vidareført i reguleringsplanen, med nokre tilpassingar. I planen er det lagt vekt på prinsippet om utbygging vert lokalisert til område som er bygd frå før, og for å lette presset på anna strandsoneareal, at utnyttinga er konsentrert. Vidare viser analyse av strandsoneverdiene at ålmenne interesser og naturmangfald er i hovudsak knytt til areala som vendar mot Mørkevågen. Desse områda er teke i vare med føremål og ved at areal som opnar for næringsaktivitet vender frå Mørkevågen. Samstundes vil planframlegget ha visuell verknad for nær- og fjernverknad, sjå kap. 4.2 Landskap. Topografien i området og at det er valt å regulere viktige grøntdrag mot Mørkevågen i vest gir at landskapsilhuetten i større skala ikkje vil bli broten og fjernverknadane slik vil vera noko avgrensa. Føresegnene gir føringar for terrenginngrep og estetikk for å minske verknadar av tiltaka. Reguleringsplanen medfører at større strandsoneareal vert bygd ned. Verknaden av dette er avgrensa sett i lys av verdiene som finst i området, tiltak som finst i dag, regulert planstatus og behov for næringsareal knytt til sjø i kommunen/regionen.

4.9 Teknisk infrastruktur

Samferdse

Fylkesveg 500, Uskedalsvegen har i følgje Statens vegvesen sitt Vegkart ei skilta fartsgrense på 60 km/t, og ÅDT på strekninga er 2600 (2018), med 13% store køyretøy. Det er forventa ein auke i trafikk til planområdet når heile området er bygd ut. Ein del av verksemdene på området er knytt til lager, og fører såleis til meir trafikk til/frå ved arbeidsstart og -slutt, medan andre er knytt til fast arbeidsplass heile dagen. Det er gjennomført ei grov kalkyle for framtidig trafikk til, og i, området med desse forholda lagt til grunn, samt 1% trafikkvekst per år. På fylkesvegen vil det då verta ein ÅDT på 3170 i 2038. Ved fullt utbygd næringsområde er det lagt til grunn av det kan det verta opp mot 150 tilsette innanfor området. Om ein legg til grunn SVV sitt dimensjoneringsgrunnlag for industriområde, «Arealbruk og turproduksjon», på 2,5 turar per tilsett, så vil dette gi ein turproduksjon på totalt 375 i ÅDT på den kommunale vegen inn i industriområdet.

Det er lagt opp til å nytte vegstandard Hø2 – Øvrige hovudvegar for fylkesvegen, med utbetningsstandard for busslommene. Det vert lagt opp til T-kryss med øy i sekundærvegen. Det er teke utgangspunkt i dagens senterlinje ved oppgradering av fylkesvegen, og det er prosjektert utan klotoider. Det er regulert avvik i høve til handbok N100 når det gjeld kurvatur i svingen vest i planområdet. Bakgrunn for dette er at om ein skal følgja handboka ville dette føra til sanering av to einebustadar. For å bøte på avviket spelar ein inn som avbøtande tiltak, å setja ned fartsgrensa til 50 km/t på strekninga. I høve trafikkmengd på fylkesvegen, og tal venstre svingande er det vurdert å ikkje vera behov for venstresvingefelt. Utbetring av kryssområdet til fylkesvegen, punkter med betre siktilhøve og kurvatur, samt busslommer med utbetningsstandar i området ved krysset inn til Børneset vil auke tryggleiken langs fylkesvegen samanlikna med dagens situasjon der det er uoversiktlege punkt og relativt høg fart. Det er sett rekkefølgekrav til avkøyninga frå Fv500, at denne skal vera utbetra før vesentleg auka aktivitet vert tillate eller at nye næringsaktørar får løyve til å etablere seg i området.



Figur 42 Kriteria for venstresvingefelt basert på trafikk i dimensjonerende time

Vegane internt i næringsområdet er dimensjonert for semitrailer, med 7 meter vegbreidde og 2,5 meter fortau. Veg SKV9 er regulert med ca. 5 meter breidde utan fortau, då dette er tilkomst til kommunal slamavskiljar. Det er lagt opp til veg i sløyfe gjennom BN1-BN4, dette for å unngå bruk av større areal til snuhammar. Ved dei andre vegane er det lagt opp til at snuareal skal løysast internt på dei ulike tomtane/områda. Dette gir ein smidig trafikklysing i næringsområdet og enkel tilgang til tomtane frå sløyfa.

Rekkefølgjekrav i føresegnene set føringar til opparbeiding av teknisk infrastruktur fram til respektive tomtar. Dette inkluderer veg, fortau og gatelys. Dette vil auka trafikksikkerheita internt i området. Det er i tillegg regulert areal til gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Planframlegget set ikkje rekkefølgjekrav til gang-/sykkelveg, men sikrar areal for framtidig utbygging. Opparbeiding av gang- og sykkelvegen vil truleg gå inn som eit tiltak i Trafikksikkerheitsplanen til Kvinnherad kommune som er under utarbeiding.

Hovudveg og veg inn til kommunal slamavskiljar er regulert til offentlege vegar. Resterande vegar vert regulert med felles eigarstatus. Kvinnherad kommune vil opparbeide infrastruktur knytt til vegane i området der det er gjort avtale om dette ved sal av eigedomar, men vedlikehald og drift ligg på grunneigarane i planområdet. Dette gir at kommunen vil opparbeide SKV1-2 og 9. Dette er grunnen til at vegane er regulerte med offentlig eller felles eigarstatus. Det vil vera naturleg at grunneigarar som soknar til dei ulike vegane går saman om ein avtale eller veglag for opparbeiding og drift av vegane som er felles.

Parkering skal løysast internt på dei einaskilde eigedomane. I føresegnene er det krav om dokumentasjon for oppfylling av parkeringskrav ved søknad om løyve til bygningar og anlegg på området. Det er synt ein regulert parkeringsplass innanfor området, denne er tiltenkt brukarane av fritids- og naustområdet. Dette vil gje ein klart forbetra parkeringssituasjon med tanke på trafikksikkerheita langs fylkesvegen, der det tidlegare berre har vore nytta kantparkering langs veggen. Det vil og vera lettare for ålmenta å nytta seg av området til rekreasjon- og fritidsaktivitetar.

For fritidseigedom 134/11 vil avkøyrings- og parkeringssituasjonen verta betre enn eksisterande situasjon. Ved utbetring av kurvaturen i svingen, vil det verta eit større areal for eigedomen til å kunne nytte til avkøyring og parkering enn dagens situasjon. Det vert ein meir trafikksikker løysing å kunne parkere og snu utanfor vegbanen.

Ved etablering av nye busslommer langs fylkesvegen vil eksisterande avkøyrsel til eigedom 134/23 bli stengd. Det skal opparbeidast ein ny tilkomst til denne eigedomen over eigedom 134/69. For eigedom 134/69 vil

konsekvensen av planframlegget vera at delar av eigedomene vert nytta til opparbeiding av ny tilkomstveg til eigedom 134/23. Det vil verta gjennomført grunnforhandlingar i samband med opparbeiding av busslommer langs fylkesvegen.

Langs sørsida av fylkesvegen er det synt bandleggingsområde. Dette arealet er tenkt nytta til anleggs- og riggområde i samband med gjennomføring av utbetring av veganlegget for fv. 500. For grunneigarane her vil konsekvensane av planframlegget vera, i perioden fram til veganlegget er ferdig utbygd, at det ikkje er mogleg å utvikla desse områda med nye tiltak, som t.d. murar, uthus og liknande. Områda skal etter avslutta anleggsperiode ryddast, settast i stand og tilbakeførast til før-situasjon i samsvar med underliggende arealføremål. Det vil verta gjennomført grunnforhandlingar i samband med opparbeiding av gang- og sykkelveg. Dette vil ha ein liten negativ verknad på desse bustadeigedomane. Tiltaka vil likevel ikkje ha så stor verknad på eigedomane at det vert vanskeleg å nytta dei, då generell byggegrense for fylkesvegar er 50 meter, jf. veglova.

VA og overvatn

Kommunalt avløp er etablert i området. Det er også vasstilgang i området, men slik det er i dag er det ikkje kapasitet i vasskjelda for verksemdar som har behov for store mengder vatn til si drift. Så lenge det er næring/industri som har normalt forbruk av vatn så ser ein for seg å kople seg på eksisterande vassleidning i området. Om det kjem interessantar som vil ha bruk for meir vatn så må ein sjå på å utbetre forsyninga som er 110mm og evt. kapasitet knytt til vasskjelda. Dette er det sett krav om i føresegnene. Ein må gå i dialog med Uskedal vassverk for å sjå på mogleikar. Vidare så kan alternative vasskjelder eller teknologi som gir lågt vassforbruk vurderast av verksemdar, samt at det kan vere mogleik for buffertankar tilknytt desse næringane. Sjå også kap. 3.9.1 og vedlagt prinsippsskisse VA-plan.

Kommunen er kjent med at det er utfordringar i området sør for fylkesvegen der det er private løysingar. Den beste løysinga for området er å kunne etablere løysingar med sjølvfall til nordsida av fylkesvegen. Kommunen ser at reguleringsplanen som regulerer tiltak i fylkesvegen og tiltaka som Uskedal vassverk planlegg er innfallsport til å løyse situasjonen. Ein må komme tilbake til kven som skal ta ansvar og kostnaden for dette. Sjå også kap. 3.9.1.

4.10 Helse, miljø og tryggleik

Dei nye Statlige planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing har fokus på at samfunnet skal verta betre rusta til å møte klimaendringane, avgrense risiko, sårbarheit og ulemper, og sikre ei berekraftig utvikling.

4.10.1 Flaum/havnivå

I NVEs Atlas er det ingen registrerte flaumhendringar i planområdet, og det er ingen areal som er omfatta av flaumsone frå vassdrag i planområdet. Det ligg 4 mindre areal omfatta av aktsemdsområde for flaum som er knytt til stormflo og havnivå. Aktsemdskartet er eit nasjonalt kart på oversiktsnivå (kommuneplan-nivået), men gir ein indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare. Vi vurderer at areal ved sjø er mest utsett i høve til den generelle havnivåauka som er venta, samt stormflo. Se havnivå.no set havnivåstigning for Kvinnherad kommune for år 2090 til 62 cm. Vidare viser se havnivå at minimumshøgde på 202 cm for byggverk i risikoklasse 3 jf. TEK17. Ut frå dette er det sett ei minimum planeringshøgde for nye bygningar på kainivå på 3 m.o.h. i føresegnene. Unnataket er på BN12, der noko av eksisterande areal er planert på kote +2. Føresegnene set og krav om at kaiar i området må ligga på kote min. + 2 for offentleg kai, og min kote +2,5 for resterande kaiar.




Figur 43 Havnivå - 200-års stormflo, nå

200-års stormflo, 2090, kjelde: Sehavnivå.no

4.10.2 Forureining

Statens vegvesen har utarbeida støysonekart for riks- og fylkesvegar. Fv. 500 Uskedalsvegen går langs planområdet. Støysonekartet er utarbeida etter *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)*. Dette syner berekna gul ($L_{den} 55-65$ dB) og raud ($L_{den} > 65$ dB) støysone. Desse støysonene er vist i plankartet med tilhørande føresegner.

Det er ikkje planlagt ny busetnad med varig opphald innanfor støysonene innanfor planområdet, det er heller ikkje planlagt bygg med støyfølsamt bruksformål. Utbetring av fylkesvegen samt opparbeiding av gang- og sykkelveg vil ikkje gje grunnlag for å krevje støyskjerming for eksisterande busetnad. Meirtrafikk som planframlegget genererer er vurdert til å ikkje medføre større endringar knytt til vegstøy, og det er difor ikkje gjennomført nye støykartleggingar.



Figur 44 Kommuneplanen sin areal del som viser støysoner for fv. 500. (Kjelde: SVV Støysonekart)

Planen legg til grunn Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442. Denne gir retningslinjer for grenser for støy frå mellom anna næringsverksemdar. Samstundes sett forureiningslova og gjeldande byggteknisk forskrift krav til støynivå for ulike tiltak. Det vert føreset at kvar enkelt bedrift følgjer retningslinje T-1442 og forureiningslova med tilhørande forskrifter. Den samla støybelastninga innanfor planområdet er

regulert i føresegnene, og det er m.a. sett krav om at det skal utarbeidast støyvurdering for området når nye industrielle verksemder kjem til eller ved større endringar i eksisterande verksemder. Vidare at dersom støyvurderinga viser at støygrensene vert overskridne, skal plan for tiltak for å overhalde støygrensene leggest ved søknad om tiltak. Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for tiltak innanfor planområdet, må det dokumenterast overfor Kvinnherad kommune at det er inngått eit forpliktande samarbeid mellom støyande verksemder innanfor planområdet. Desse føresegnene tek omsyn til omkringliggjande busetnad og skal sikre at samla belastning i området ikkje vert overskride.

På Miljøstatus er det opplyst at det er mistanke om forureina grunn i eitt område innanfor plangrensa. Dette er i området der Eidsvik skipsbyggeri hadde si drift. Det er tidlegare gjort undersøkingar i området, utført av SFT. Desse tyder på at det kan vera noko forureina grunn/sediment i området, men det er ikkje sett krav til vidare oppfølging av desse. Føresegnene set krav til dokumentasjon i samband med nye tiltak i grunn og på/i sjøbotn, slik at eventuell forureina massar vert teke hand om på ein forsvarleg måte. Avbøtande tiltak må avklarast som del av byggesøknaden.

5 Samfunnstryggleik og beredskap

I plan- og bygningslova § 4-3 vert det stilt krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanar for å sikre at samfunnstryggleiken blir ivaretatt og følgt opp. For å kunna redusera omfang av skader og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Gjennomgang av moglege uønska hendingar, er gjort med utgangspunkt i framlagt planforslag. Risiko er knytt til uønska hendingar og deira usikkerheit til om hendinga inntreff (sannsyn/frekvens) og omfang (konsekvens).

Analysen tar for seg problemstillingar som i reguleringsfasen er vurdert til å kunne krevja avbøtande tiltak. Analysen er forsøkt tilpassa det planleggingsnivå som eit reguleringsforslag representerer. Eit mål med risikoanalysen er at punkt som blir nemnt, skal vidareførast i detaljprosjektering av bygg og anlegg og peike på problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet. Formålet med risikoanalysen er å innarbeide risiko-reducerande og skadeavgrensande tiltak i reguleringsplanen. Det kan komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. Vår tilråding er at det undervegs vert gjennomført fortløpande risikovurderingar i gjennomføring av prosjektet.

5.1 Metode

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, utarbeida av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, 2017, og følger krav frå TEK17. Akseptkriteia til kommunen er ikkje oppdaterte med omsyn til nye rettleiarar og krav i TEK17. Difor er ROS-analysen til dels i tråd med akseptkriterier til Kvinnherad kommune (2013)

Risiko = Sannsyn x Konsekvens => Kombinasjon av sannsyn og verknad av ei hending

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, tryggleik/stabilitet, samt eigedom/materielle verdiar. Tryggleik omfattar befolkningas tryggleik og samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og vert knytt til konsekvenstypen «Stabilitet». ROS-analysen følger TEK17 (kap. 7) sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar. Basert på sikkerheitsklassen som utbyggings-føremålet høyrer til er det angitt ein nominell årleg sannsyn.

I ROS-analysen vert sannsyn brukt som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe innanfor området som det er utført ROS-analyse for, basert på vårt kunnskapsgrunnlag. Det er valt å ikkje sette sannsyn eller konsekvens for dei tema ein vurderer til å ikkje vera relevant.

Tabell 2. Sannsyn for kor ofte ei hending kan forventast å inntreffe (frekvens).

| | Sannsyn | Frekvens | TEK 17 |
|---|------------------|--|--------|
| 1 | Mykje sannsynleg | Meir enn ei hending kvart 20. år | S1/F1 |
| 2 | Sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år | S1/F1 |
| 3 | Noko sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år | S1/F2 |
| 4 | Lite sannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år | S2/F3 |
| 5 | Usannsynleg | Mindre enn ei hending kvart 5000. år | S3 |

Tabell 3. Konsekvens; Omfanget av skadar som samfunnet blir påført av ei hending.

| | Konsekvens | Liv og helse |
|---|--------------------|---|
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. |
| 2 | Ein viss fare | Få og små personskadar. Fråvær som krev kortare sjukemelding/-fråvær. |
| 3 | Alvorleg/farleg | Få, men alvorlege personskadar. Mange mindre personskadar (fleire enn 10) |
| 4 | Kritisk | Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil 5 dødsfall |
| 5 | Katastrofal | Fleire enn 10 alvorleg skadde personar eller fleire enn 5 dødsfall |
| | Konsekvens | Stabilitet |
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Produksjonsstans under 1 veke. |
| 2 | Ein viss fare | Produksjonsstans under 3 veke. |
| 3 | Alvorleg/farleg | Produksjonsstans over 3 veke. |
| 4 | Kritisk | Produksjonsstans i over 2 månader. |
| 5 | Katastrofal | Produksjonsstans over 1 år. |
| | Konsekvens | Ytre miljø (luft, vatn og grunn) |
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbeta av naturen sjølv etter kort tid |
| 2 | Ein viss fare | Miljøskadar, kort restitusjonstid |
| 3 | Alvorleg/farleg | Miljøskadar, < 1 års restitusjon |
| 4 | Kritisk | Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon |
| 5 | Katastrofal | Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade |
| | Konsekvens | Materielle verdiar |
| 1 | Ufarleg/ubetydeleg | Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 500.000 kr |
| 2 | Ein viss fare | Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, inntil 5 mill. kr |
| 3 | Alvorleg/farleg | Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, inntil 10 mill. kr |
| 4 | Kritisk | Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, inntil 25 mill. kr |
| 5 | Katastrofal | Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 25 mill. kr |

Tabell 4. Risikomatrixe. Kombinasjon av sannsyn og konsekvens.

| | | HELSE OG LIV | | | | | STABILITET og YTRE MILJØ | | | | | MATERIELLE VERDIAR | | | | |
|------------|---|--------------|-----|-----|-----|-----|--------------------------|-----|-----|-----|-----|--------------------|-----|-----|-----|-----|
| Sannsyn | 1 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 | 1.1 | 1.2 | 1.3 | 1.4 | 1.5 |
| | 2 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 | 2.1 | 2.2 | 2.3 | 2.4 | 2.5 |
| | 3 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 4.5 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 4.5 | 3.1 | 3.2 | 3.3 | 3.4 | 4.5 |
| | 4 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 | 4.1 | 4.2 | 4.3 | 4.4 | 4.5 |
| | 5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 | 5.1 | 5.2 | 5.3 | 5.4 | 5.5 |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | |

5.2 ROS-analyse

| Type hendring | Kategori | Uønskete hendingar | Nr | Vurdering | Liv og helse | Stabilitet | Ytre miljø | Materielle verdjar |
|----------------|------------|---------------------------------|----|--|--------------|------------|------------|--------------------|
| Naturhendingar | Ekstremvær | Sterk vind | 1 | I vindkart for Norge, er planområdet vist med årleg middelvind mellom 6-6,5 m/s. (Kjeller Vindteknikk & NVE, 2009) Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygnings-skade. Skadar som oppstår er gjerne som følgje av lausrivne bygnings-element og rotvelta skog. Sterk vind er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planområdet. Nye bygningar skal først opp etter krav sett i TEK 17. | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 |
| | | Store nedbørsmengder | 2 | Klimaendringane er venta å føre til auka mengd nedbør, samt hyppigare intense nedbørs-periodar. Auka frekvens med intense nedbørs-periodar med mykje nedbør på kort tid er venta å føra til auka materielle skadar. Det vil verta større planerte flater innanfor planområdet. Det er kort veg til sjø for overflatevatn og overvass-system må dimensjonerast for framtidig nedbørsmengd. | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 |
| | Flaumfare | Flom i elv/bekk | 3 | Det er ein mindre bekk innanfor planområdet, ingen elv. Bekken skal haldast ope. Det står nokre naust ved sjøen. Det er ingen bygningar eller tiltak som flaum langs bekken vil påverke. | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 |
| | | Flom i vassdrag/innsjø | 4 | Det er eit mindre tjern innanfor planområdet. Flaum utover tjernet vil gå i terreng. Det er ingen bygningar eller tiltak som flaum vil påverke. | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 |
| | | Urban flaum/overvass-handtering | 5 | I byar, tettbygde strøk og større asfalterte og tette områder er det kraftig nedbør i løpet av kort tid som forårsakar flest skadar. Ved store eller intense nedbørsmengder kan overvatn utgjera ein risiko for flaumskadar. Det er kort veg til sjø for overflatevatn og overvasssystem må dimensjonerast for framtidig nedbørsmengd. | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 |
| | | Springflo/Stormflo | 6 | Havnivået er stadig i endring og klimaendringane er venta å føre til at havnivået vil fortsetta å stige. Sjå kap. 4.10.1. Se havnivå.no set minimumshøgde 202 cm for byggverk i risikoklasse 3 jf. TEK 17. Det er dermed sett planeringshøgde på min + 3 m.o.h. for nye tiltak innanfor områda BN. For kaiområde er det sett min. kote + 2,0 m.o.h. | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 |
| | Skredfare | Steinsprang H310_1-3 | 7A | NVE Atlas syner at vestre delar av området er utsett for steinsprang. Det er utført ei skredfarekartlegging for området. NVE/NGI har utarbeida rapporten «Skredfarekartlegging i Kvinnherad | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 | S2 K1 |

| | | | | | | | | |
|------------------------|----------------------|------------------------------------|--|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | | | kommune» 33-2015. Sjå omtale kap. 3.6.3. Faresonene er lagt inn i plankartet. Føresegnene sikrar framtidige tiltak i tråd med krav i TEK17. Innanfor denne sona er det ikkje opna for noko form for tiltak. | | | | | |
| | Steinsprang H310_4-6 | 7B | NVE Atlas syner at vestre delar av området er utsett for steinsprang. Det er utført ei skredfarekartlegging for området. NVE/NGI har utarbeida rapporten «Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune» 33-2015. Sjå omtale kap.3.6.3. Faresonene er lagt inn i plankartet. Føresegnene sikrar framtidige tiltak i tråd med krav i TEK17. Innafor denne sona er det ein eksisterande fritidsbustad og eit naust, føresegnene set krav til at ytterlegare tiltak krev at det vert gjennomført tilstrekkelege tryggleikstiltak. | S3 K2 | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 | |
| | Lausmasseskred | 8 | «Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune» syner at det ikkje er stor fare for lausmasseskred i området. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | |
| | Is og snøskred | 9 | «Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune» syner at det ikkje er stor fare for is og snøskred i området. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | |
| | Kvikkleireskred | 10 | Området ligg under den marine grense, men det er i følge NGU mykje bart fjell med stadvis tynt dekke i området. Det er ikkje marin leire i området, unntatt eit lite område heilt i sør-aust der det kan vera liten førekomst av marin leire. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | |
| | Historiske hendingar | 11 | I NVE sin skreddatabase er det ikkje omtala historiske hendingar i området. | | | | | |
| Andre uønskt hendingar | Byggegrunn | Setningar og utglidingar | 12 | Det vert nye fyllingar og murar i området pga. tilpassingar i terreng. Det er ikkje planlagt for større fyllingar i sjø. Nye fyllingar og murar i området må prosjekterast og sikrast etter krav sett i TEK. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K2 |
| | | Forureina grunn | 13 | På Miljøstatus er det opplyst at det er mistanke om forureina grunn i eit område innanfor plangrensa. Dette er grunna tidlegare bruk av området. Sjå kap. 4.10.2. Føresegnene knyt krav til dokumentasjon i samband med nye tiltak i grunn og på/i sjøbotn i dette området, og av avbøtande tiltak må gjennomførast dersom det er potensiale for forureining. | S2. K1 | S2. K1 | S2. K2 | S2. K1 |
| | | Radon | 14 | NGU sitt aktsemdkart for radon viser at det meste av området ligg innanfor «moderat til låg» aktsemd. Den sørlegaste delen av området ligg innanfor eit område som er synt med «usikker» aktsemd. Radon er ikkje vurdert å utgjera ei fare for planområdet då nye bygningar skal førast opp etter krav sett i TEK. | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 |
| | Forureining | Drikkevasskjelde (brønner etc.) | 15 | Det er i NGU sin kartdatabase ikkje registrert brønner for drikkevatt innanfor planområdet (NGU 2020) Ikkje relevant | | | | |
| | | Badevatn, fiskevatn, vassdrag o.l. | 16 | Planområdet ligg ikkje til badevatn, fiskevatn vassdrag. Ikkje relevant. | | | | |

| | | | | | | | |
|-----------------|------------------------------|----|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | Nedbørsfelt | 17 | Det er ikkje avrenning til drikkevasskjelde frå området. Avrenninga går ev. til sjø. | | | | |
| | Luft - Støv, partiklar/røyk | 18 | Det kan førekoma støv og partikkelforureining frå verksemd innanfor planområdet. Naudsynte tiltak for å redusere støv og støvutslepp skal gjerast, jf. forureiningsforskrifta § 30-4. | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 |
| | Støy frå næring | 19 | Det vil førekoma støy frå verksemd innanfor planområdet. Det er i føresegnene stilt krav om at verksemd innanfor planområdet skal stette krav til støy i byggtknisk forskrift og i samsvar med T-1442. I tillegg er den samla støybelastninga innanfor planområdet regulert i føresegnene. Sjå kap. 4.10.2. | S3. K2 | S3. K1 | S3. K1 | S3. K1 |
| Transport | Ulykker på veg | 20 | Det er ikkje registrert ulykker i krysset med Børnes, men det er sidan 1990 registrert fem ulykker på strekninga innanfor planområdet (møteulykker og utforkøyring). Planen fremjar tiltak som vil medføre noko auke i trafikkmengd. For å ikkje auke sannsyn for ulukke gjer ein følgjande grep i planen: Det er regulert punktutbetringar langs fv. 500, sikt og kurvatur, samt utbetring av kryss og g/s-veg langs fv. 500. Internt i planområdet skal vegane utbetrast og dimensjonerast for semitrailer. Det er regulert fortau internt i planområdet. Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker, men farten på dei interne vegane vil vere låg, og siktforhold er sikra med frisktlinjer og -soner. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav, med unntak av avvik langs fv. 500 som kan avbøtast med redusert fartsgrense til 50 km/t. | S2. K2 | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 |
| | Ulykker på bane, luft og sjø | 21 | Ny og utvida kaiområde kan føra til noko auka båttrafikk i området. Sannsynet aukar for ulykker, men sannsynet for grunnstøyting og andre ulukke er lågt i det djupe farvatnet. Farvatnet er lett oversiktleg og ein har i dag gode instrument som minskar sannsynet for ulykker. Området er lett tilgjengeleg for redningsmannskap. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| | Utslepp av farleg stoff | 22 | Låg trafikkmengd. Det er ikkje forventa større mengde transport av olje- og gassprodukt i /til området. Konsekvens er knytt til skadar på eit avgrensa område. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| | Støy frå transport | 23 | Områda som ligg tett opp til fv. 500 ligg innanfor raud og gul støysone. Det er ikkje planlagt for ny busetnad eller bygg med bruk som er følsam for støy innanfor raud eller gul støysone. Sjå kap. 4.10.2. | S2. K2 | S2. K1 | S2. K1 | S2. K1 |
| Næringsverksemd | Utslepp av farleg stoff | 24 | Det er ikkje registrert næringsverksemd i nærleiken av planområdet som kan medføre utslepp av farleg stoff (Miljødirektoratet, 2020). | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| | Akutt forureining | 25 | Det er ikkje registrert næringsverksemd i nærleiken av planområdet som kan medføre akutt forureining (Miljødirektoratet, 2020) | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| | Brann, eksplosjon i industri | 26 | Det er ikkje registrert eksplosjonsfarlege verksemd i eller rundt planområdet. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |

| | | | | | | | |
|-----------------|-------------------------------|----|--|-----------|-----------|-----------|-----------|
| | | | (Miljødirektoratet, 2020). Det er ikkje planlagt eksplosjonsfarlege verksemd innanfor planområdet | | | | |
| Brannfare | Skog- og vegetasjonsbrann | 29 | Det er lite vegetasjon innanfor planområdet. Noko blandingskog i vest ved naustområdet og registrert friluftslivsområde. Planområdet er ikkje betrakta som særleg utsett for skog- og vegetasjonsbrann. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| | Brannfare i bygningar | 30 | Alle bygg må følgje byggtekniske krav i TEK 17. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| Eksplosjonsfare | Eksplosjon i industriverksemd | 31 | Det er ikkje planlagt næringsverksemd som fører til auka fare for eksplosjon innanfor planområdet. | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 | S4. K1 |
| Beredskap | Brann | 32 | Planområdet vert dekkja av Uskedalen brannstasjon (føreslått nedlagt), som ligg om lag 2 km frå planområdet. Området er vurdert som tilstrekkeleg dekt av brann- og redningsetatar ved at det skal etablerast tilstrekkeleg med sløkkjevatt, og tilkomstvegane er dimensjonert for utrykkingskøyretøy. | | | | |
| | Ambulans | 33 | Planområdet vert dekkja av Kvinnherad legevakt på Husnes, som har kontor om lag 13,5 km frå planområdet. Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg dekt av nødhjelpsetatar og tilkomstvegane er dimensjonert for utrykkingskøyretøy. | | | | |

5.2.1 Vurdering av tiltak i gul/rød kategori

I tabellen under er kvar hending som er vurdert til å hamne i gul og rød kategori m.o.t. sannsyn og konsekvens lista opp, med ei vurdering og utgreiing av tiltak og oppfølging gjennom planverktøy, regelverk og ev. andre tiltak.

| Nr. | Tiltak, oppfølging gjennom planverktøy og anna |
|-----------------------------|--|
| 7B Skredfare | Det er utført ei skredfarekartlegging for området. NVE/NGI har utarbeida rapporten «Skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune» 33-2015, denne syner at det innanfor planområdet er nokre soner der det er skredfare. Det er lagt inn føringar for desse områda som gjer at nye tiltak ikkje vert tillate å gjennomføra før det er gjort tilstrekkeleg tryggleikstiltak gjennomført av fagkyndige. Det er ein eksisterande fritidsbustad og eit naust innanfor sona. Fram til forholda for denne fritidsbustaden er utbetra vil risiko for skred i området ligge med gul farge. Ev. tiltak må følgjast opp av bygningsmynde. |
| 13 Forureina grunn | På bakgrunn av SFT sine undersøkingar som tyder på at det kan vera noko forureina grunn/sediment i området er det i føresegnene sett krav til dokumentasjon i samband med nye tiltak i grunn og på/i sjøbotn. Dette slik at eventuell forureina massar vert teke hand om på ein forsvarleg måte. Avbøtande tiltak må avklarast som del av byggesøknaden. Dersom dette blir følgt opp i byggesøknad vil risiko for forureining reduserast og vera akseptabel. |
| 19 Støy frå næringsverksemd | Det vil vera aktivitet og potensielt støyande verksemd knytt til anleggsarbeid når næringsområda skal etablerast. Særleg vil dette vera aktuelt for tiltak der det er behov for sprengingsarbeid. Ein legg til grunn at det vert utarbeida SHA-plan (Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø-plan) i samband med anleggsfase. Føresegnene legg til grunn Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442. Retningslinja gir grenser for støy frå mellom anna næringsverksemd. Samstundes sett forureiningslova og gjeldande byggteknisk forskrift krav til støynivå for ulike tiltak. Det vert føresett at kvar enkelt bedrift følgjer retningslinje T-1442 og forureiningslova med tilhøyrande forskrifter. Vidare er den samla støybelastninga innanfor planområdet regulert i føresegnene, og det er m.a. sett krav om at det skal utarbeidast støyvurdering |

| | |
|---------------------|--|
| | for området når nye industrielle verksemdar kjem til eller ved større endringar i eksisterande verksemdar. Vidare at dersom støyvurderinga viser at støygrensene vert overskridne, skal plan for tiltak for å overhalde støygrensene leggast ved søknad om tiltak. Dersom dette blir følgt opp vil risiko for støy reduserast og vera akseptabel. |
| 20 Ulukker på veg | Det er alltid ei generell fare for trafikkulykker, men farten på dei interne vegane vil vere låg og siktforhold er sikra med frisiktlinjer og -soner. Vegane er dimensjonerte for semi-trailer, og mjuke trafikantar er sikra ved fortau på aktuelle vegar i næringsområdet. Det er regulert punktutbetringar langs fv. 500, sikt og kurvatur, samt utbetring av kryss og g/s-veg langs fv. 500. Planen sikrar tilhøva etter gjeldande normer og krav, med unntak av avvik langs fv. 500. Dette avviket kan avbøtast med redusert fartsgrense til 50 km/t forbi planområdet. |
| 23 Støy frå trafikk | Det er ikkje planlagt ny busetnad med varig opphald innanfor støysonene innanfor planområdet, det er heller ikkje planlagt bygg med støyfølsamt bruksformål her. Meirtrafikk som planframlegget genererer er vurdert til å ikkje medføre større endringar knytt til vegstøy. Utbetring av fylkesvegen samt opparbeiding av gang- og sykkelveg vil ikkje gje grunnlag for å krevje støyskjerming for eksisterande busetnad. Tiltak ut frå dagens situasjon for bustadar på sørsida av fv. 500 vil vera aktuelle då fleire av dei ligg innanfor støysonene. Fram til forholda for desse er utbetra vil risiko for støy frå trafikk ligge med gul farge. Ev. tiltak må følgjast opp av vegmynde. |

5.2.2 Samandrag og korleis analysen påverkar planforslaget

Hending/forhold er akseptable med føresetnad at tiltaka vert gjennomført og drifta i samsvar med lover og reglar, som t.d. pbl. og byggteknisk forskrift. Planen sikrar nye tiltak etter gjeldande normer og krav. Etter vurderingar i ROS-analysen er planframlegget vurdert til å ha akseptabel risiko.